



Samnanger kommune



Årsmelding 2013

Samnanger – der du vil leva og bu

Hovudmål i kommuneplanen

Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane

I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod

Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemdar og for å få etablert nye arbeidsplassar

Samnanger kommune sin innsats innan infrastruktur skal gje eit godt, trygt og framtidsretta tilbod

Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon

Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjent


Innholdsoversikt

	Side
Politisk styring og aktivitet	4
Utvikling i folketalet	7
Organisasjonskart administrasjon	8
Generelle merknader	9
Driftsrekneskapen	9
Investeringsrekneskapen	21
Samnanger samanlikna med andre – KOSTRA- statistikk	26
Personalstatistikk	31
Kommentarar til dei einskilde tenesteområda	35
Sentrale styringsorgan og fellesutgifter	37
Næring	37
Kyrkja	39
Teknisk	41
Pleie og omsorg	45
Sosial og helse	52
Barnehage	55
Skule	62
Kultur	70
Årsmeldingar frå einingane	72
Vedlegg	
Oversikt over politiske saker i utvala	



Foto: Samnanger barneskule

Politisk styring og aktivitet



Parti/gruppe	Tal medlemmer	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet	6	Brigt Olav Gåsdal
Kristeleg folkeparti	4	Sigmund Dyrhovden
Bygdalista	3	Ragnfrid Aadland Olsnes
Senterpartiet	2	Øyvind Røen
Framstegspartiet	4	Gunnar Bruvik
Høgre	2	Eva Hellevang

Fordeling av leiarverv og nestleiarverv i utval, råd og nemnder

Utval / råd	Leiar	Nestleiar
Formannskapet	Marit A. Aase, Krf	Brigt Olav Gåsdal Ap
Naturutvalet	Øyvind Strømmen B	
Utvalet for oppvekst og omsorg	Eva Hellevang H	Liv Berit Kvernes Befring Ap
Kontrollutvalet	Jens Harald Abotnes Krf	Hans Solberg Sp
Eldrerådet	Brigt Olav Gåsdal	
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Gunnar Utskot	
Viltneimnda	Jon Magne Bogevik	

Politisk arbeid

I kommuneplanen er to av delmåla direkte knytta opp mot politisk aktivitet.



*ei funksjonell politisk organisering
eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar*

Det politiske arbeidet i 2013 var prega av ei sak – spørsmålet om barnevern. Oppstarten til denne saka i 2013 var at barnevernet fatta vedtak om akutt plassering av born. Fleire innbyggjarar, her under også ein del politikarar engasjerte seg for å få omgjort dette vedtaket og vidare å få endra den praksisen og den måten barnevernet i Samnanger har arbeidd etter. Dette tema førte m.a. til fleire ekstra møte i kommunestyret.

Som vedlegg til meldinga ligg ein oversikt over kva saker dei ulike utvala har handsama i 2013. I tillegg til dei som er lista opp, har det i utvala og vore uformelle diskusjonar om aktuelle tema. Særleg gjeld dette utval for oppvekst og omsorg.

Kommunestyret

Barnevern var som nemnd tidlegare tema på dei fleste møta i 2013. Med endeleg vedtak om områdeplan for Bjørkheim vart det sett førebels punktum for ein lang planprosess. I desember vart planprogrammet for arealplanen vedteke. Arbeidet med arealplanen er fordelt mellom dei tre utvala og det skal ha prioritet i 2014. Utbygginga av sjukeheimen er utfordrande først og fremst økonomisk, og ulike problemstillingar knytt til dette arbeidet har vore til handsaming på fleire møte. Kommunedelplan for kulturminne vart også vedteken i 2013. Adhoc-gruppa for revisjon av reglementet for politikarane (leiar Brigte Olav Gåsdaal (Ap)) fekk avslutta delar av sitt arbeid ved at kommunestyret fastsette reglementet. Etter planen skal den same gruppa arbeida fram eit nytt delegeringsreglement. Dette arbeidet er ikkje starta opp.. Ei anna adhoc-gruppa – rettvis handel (leiar Anja Marken (Bl)) fekk også avslutta arbeidet sitt og Samnanger kommune har blitt akseptert som medlem i organisasjonen Fair Trade.



Naturutvalet

Av dei 74 sakene utgjør vel halvparten søknader om dispensasjon frå kommuneplan. Mange av dei gjeld mindre tihøve som t.d. utviding av terrasse, oppføring av tørkehus eller garasje i LNF-område. Ved revisjon av arealplanen må denne type problemstillingar sjåast på, og løysast slik at tilsvarende saker i framtida ikkje treng å handsamast som dispensasjonssaker. Uansett så inneber dei mange dispensasjonssakene at det er på tide å revidera arealplanen vår. Utvalet arbeidde godt saman med planføresegnene til arealplanen. Naturutvalet handsama 17 delingsaker, dei fleste av dei var kurante.

Utvalet for oppvekst og omsorg

Utvalet er styringsgruppe for senter for funksjonshemma, og utvalet drøfta moglege løysingar for senteret, m.a. plassering. Av konkrete saker utvalet hadde oppe kan nemnast førebuing til grunnlovsfeiring, forskrift om ordensreglement for skulane, interkommunalt barnevern og utvalet vedtok kommunedelplan for kulturminne. I tillegg tildelte dei kulturmidlar og kulturstipend for unge.

Formannskapet

Fleire ulike saker knytt til økonomi var til handsaming. M.a. vart det fatta vedtak om sal av ein del mindre parsellar og det vart gitt tilråding/fatta vedtak om tilleggsøyvingar. Arbeidet med økonomiplan var så krevjande at det vart tilrådd til kommunestyret å avventa endeleg handsaming av den til desember 2013. Grunngevinga for dette var uvissa knytt til utbygging av sjukeheimen. Formannskapet handsama ein søknad om tilskot frå næringsfondet. Det vart og fatta vedtak knytt til etablering av gjestebryggje på Bjørkheim, og utvalet ga tilbakemelding til IMDI på førespurnad om busetting av fleire flyktningar.

Administrasjonsutvalet - det partssamansette utvalet (medlemmene i formannskapet saman med representantar for dei tilsette) hadde berre eit møte i 2013.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne hadde ikkje ordinære møte i 2013, men leiar har vore med i samtale om planane for senter for funksjonshemma m.m.


Eldrerådet hadde i 2013 4 møte og dei handsama 12 saker. Eldrerådet har eit sterkt engasjement for å få i gang ein friviljugsentral i kommunen, og dette var tema på fleire møte. Rådet ga uttale til budsjett, planprogram for kommuneplan og kulturminneplan.

Ungdomsrådet. Einingsleiar for kultur er sekretær for rådet. Ungdomsrådet hadde ikkje møte i 2013. Medlemmar har delteke på fylkessamlingar.

Ressursbruk


KOSTRA-statistikken gir oss ein del informasjon om ressursbruken vår også på dette området. I 2013 vart det brukt vesentleg meir pengar på dette ansvarsområdet noko som skuldast innleige av diverse konsulentar i samband med diverse spørsmål rundt saka om barnevernet. Utgiftene til kontroll og revisjon gjekk ned samanlikna med 2012, og me ligg på same nivået som gruppe 2, men ein god del høgare enn landsgjennomsnittet.

Det vert elles vist til årsmeldinga for interne tenester.



Folketalsutvikling

2436



Det var ved årsskiftet 2 fleire innbyggjarar i Samnanger enn ved førre årsskiftet. Det er relativt sett stor mobilitet. Heile 103

flytta ut av kommunen, medan 90 flytta inn. Tal fødde og døde er om lag på same nivå som dei siste åra, noko som gir eit netto fødselsoverskot. Auken på 2 personar utgjer 0,08%. Landet sett under eitt har ein folkevekst på 1,1% og Hordaland fylke 1,4%.

Oversikt over utviklinga i folketallet i 2005 – 2012


år	fødde	døde	Innflytting	utflytting	endring	folketal	%-vis endring
13	27	17	90	103	2	2436	0,08
12	32	21	99	93	17	2434	0,70
11	27	19	109	93	23	2417	0,96
10	24	16	102	91	19	2394	0,80
09	32	34	101	106	-4	2375	-0,16
08	42	23	62	98	-17	2379	-0,71
07	29	22	121	85	43	2396	1,83
06	29	28	99	90	12	2353	0,51
05	22	23	104	85	19	2341	0,82

Det kan koma korrigeringar i etterkant slik at ikkje alle summeringane er korrekte for det einkilde år.

SSB utarbeider prognosar for utviklinga i folketallet. Grunnlaget for framskrivinga er veksten nasjonalt. Dei vurderer desse fire komponentane; fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og netto innvandring. I tabellen under har me sett inn to alternative prognosar. I den eine er det forventa middels vekst og i den andre er det forventa høg vekst med unntak av kriteria for netto innvandring der den er sett til middels. Avviket mellom desse utgjer i 2040 **385** fleire innbyggjarar med høg vekst enn med middels vekst.

Prognose	2015	2017	2019	2020	2025	2030	2035	2040
MMMM	2454	2487	2510	2530	2596	2636	2653	2654
HHMH	2472	2522	2651	2577	2708	2833	2946	3039

Administrativ organisering



I august 2013 fekk me ny einingsleiar for Samnanger barneskule, Vigdis Vikne. Mange av einingsleirane våre har lang fartstid i jobben sin noko som gir eit godt grunnlag for dei mange vanskelege oppgåvene som skal løysast.



GENERELLE MERKNADER

2013 vart eit krevjande år på mange måtar. Kommunestyret sitt fokus på barnevernet gjorde at administrasjonen måtte prioritera ansleis enn planlagt. Fleire kompliserte problemstillingar måtte løysast. Ddet var tidkrevjande arbeid for mange i sentraladministrasjonen då mange av spørsmåla var vanskeleg å få svar på. Mange opplevde arbeidsmiljøet som utfordrande og fleire vart sjukmeld. Det igjen gjorde at oppgåver vart lagt til sides eller ikkje gjennomført på den måten som ein hadde planlagt. Leiarutvikling, arbeid med beredskap, tverrfagleg samarbeid om barn og unge, utvikling av styringssystem og internkontroll var alle oppgåver som måtte prioriterast ned.

Kommunen kom kortare enn planlagt på fleire større utbyggingsoppgåver. Senter for funksjonshemma har hatt løyving i fleire år utan at arbeidet har fått tilstrekkeleg merksemd. Me må berre få prioritert dette arbeidet. Utbygging av sjukeheimen er og tatt mykje lenger tid enn føresett. Det er mange grunnar til det, ikkje minst at kostnaden ser ut til å verta langt høgare enn kommunen i utgangspunkt har økonomi til. Tilrettelegging for nytt industriarealet har også teke lenger tid, m.a. fordi det i innspurten av arbeidet med reguleringsplanen kom nye krav om utgreiingar. Det er gledeleg at me har klart å halda oppe arbeidet med arealplanen, slik at planprogrammet vart vedteke i 2013. Gledeleg er det også at tilbygget på barneskulen kunne takast i bruk ved skulestart.

Me legg fram ein rekneskap i underskot. Rådmannen har mest fokus på aukande driftsutgifter, då me er heilt avhengig av å få desse redusert skal me få gjennomført dei planlagde investeringane. Me er og i den situasjonen at me har brukt investeringsmoms til å finansiera drifta med, noko som aldri har skjedd før og som i utgangspunktet for rådmannen er heilt uakseptabelt. Men det er i tråd med regelverket knytt til avslutting av rekneskapen. I løpet av året vart det gitt tilleggsloøyvingar til m.a. kjøp av konsulentar, og disposisjonsfondet måtte nyttast. Kommunen sitt forbruk i 2013 har gjort at dei fleste reservane er brukt opp.

Kommentarar til driftsrekneskapen

Rekneskapen hadde før strykingar eit meirforbruk på 1,3 mill kroner.

kr - 1,3 mill

Oppsummert kan me seia at meirforbruket (underskotet) skuldast:

Meirforbruk einingane	- 0,68 mill kroner
Skule-og barnehageadministrasjon	- 0,50 mill kroner
Konsesjonskraft	0,24 mill kroner
Netto premiaavvik og premiefond pensjon	- 0,14 mill kroner
Statstilskot flyktingar	- 0,30 mill kroner
Skatt, ramme og inntektsutjamning	0,58 mill kroner
Renter og avdrag	0,39 mill kroner
Urealisert tap aksjar	- 0,59 mill kroner
Kalkulatoriske renter sjølvkost	- 0,43 mill kroner

Strykingar er gjort i samsvar med § 9 i forskrift om årsrekneskap og er gjennomført på denne måten:

- Stryke overføringer av investeringsmoms til investeringsrekneskapen (berre pliktig del på 80 % er overført) 1,1 mill kroner
- Stryke vedtatt avsetjing til disposisjonsfond 0,2 mill kroner

	Opphavleg budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap
Skatteinntekter	58 248 000	57 838 000	57 803 434
Rammetilskot inkl. inntektsutjamning	74 877 000	74 287 000	74 904 940
Samla	133 125 000	132 125 000	132 708 374 583 374

Skatteinntegangen for landet sett under eitt har vore på 5,7 % i forhold til 2012; det meste av auken er knytt til dei 10 første månadane i året. For Samnanger har auken vore på 1,8 %. Noko av forklaringa på at kommunen har hatt ein mindre auke enn landsgjennomsnittet, ligg i at kommunen i 2012 fekk ein ekstraordinær innbetaling på skatt.


Skatteinntegang for landet generelt vart lågare enn det som er lagt til grunn i nasjonalbudsjettet for 2014. I 2013 har Samnanger kommune ein skatteinntegang inkl inntektsutjamning på 96,7 % av landsgjennomsnittet mot 97,9 % i 2012. For 2013 fekk Samnanger kommune 0,96 mill kroner meir i skatt og 2,3 mill kroner meir i rammetilskot enn for 2012. I forhold til opphavleg budsjett fekk kommunen 0,42 mill mindre i skatt- og rammeinntekter.

Finansielle nøkkeltal

Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av. Samnanger har i 2013 eit netto driftsresultat på 1,61 % av brutto driftsinntekter.

Refusjon knytt til investeringsmoms er med på å påverka dette nøkkeltalet. Frå og med 2014 skal denne refusjonen bokførast direkte i investeringsrekneskapen og nøkkeltalet vil då gje eit mykje betre bilde av den økonomiske situasjonen. Fram til no har kommunar med store investeringar kome betre ut enn kommunar med tilsvarende økonomi med lågare investeringar. Dersom me trekker ut inntekta frå investeringsmoms, får kommunen eit negativt netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter på – 1,36 %. I budsjett 2014 er dette nøkkeltalet på – 0,41 %.

Den unytta delen av disposisjonsfondet er på 279 378,66 kroner pr 31.12.2013. Konklusjonen vil då bli at kommunen både manglar buffer til å handtera uføresette hendingar, og det er i økonomiplanen for inneverande periode i for liten grad lagt opp til ei drift som kan byggja opp denne bufferen.



Einingane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap for driftsdelen av rekneskapen og avviket mellom budsjett og rekneskap. Eit tal i minus er eit meirforbruk (underskot). I tillegg viser den avvik mellom budsjett og rekneskap på det som gjeld finanskonti i rekneskapen. Dette vil gjelda avskrivningar, kalkulatoriske renter, avsett til og bruk av fond og overføring til investeringsrekneskap. Inntekt frå investeringsmoms og overføring av denne til investeringsrekneskapen vart i 2013 ført på ansvar 9005. Totalt har einingane eit meirforbruk på 683 000 kroner.

	Revidert budsjett			Rekneskap			Avvik drift	Avvik finans	Sum avvik
	Inntekter	utgifter	netto	Inntekter	utgifter	netto			
Pleie/ omsorg	-8 962	58 225	49 263	-9 420	59 326	49 906	-643	-72	-714
Sosial og helse	-3 346	22 044	18 698	-4 159	23 510	19 351	-653	-109	-762
Barnehage	-2 941	18 731	15 790	-3 493	18 839	15 346	444	-10	434
Kultur	-851	4 711	3 860	-1 407	4 807	3 400	460	-371	89
Barneskule	-1 256	20 171	18 915	-1 718	20 634	18 916	-1	0	-1
Ungdomsskule	-532	11 283	10 751	-897	11 967	11 070	-319	6	-313
Teknisk	-11 140	20 858	9 718	-12 077	21 690	9 613	105	-276	-171
Stab	-757	14 857	14 100	-1 439	14 644	13 205	895	-140	755

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Generelt for einingane gjeld at det må arbeidast endå betre og meir systematisk med budsjettkontroll gjennom året. Spesielt er det viktig å foreta budsjettjusteringar fortløpande når det vert avdekka avvik.

Pleie og omsorg (PLO). Resultat: meirforbruk 714 000 kroner Avvik 1,45 %. Sum netto resultat 49,98 mill kroner. Dette er den største eininga og små prosentvise avvik gir store avvik i kroner. Det er derfor veldig viktig med god budsjettkontroll.

Open omsorg har hatt eit meirforbruk på 95 000 kroner og sjukeheimen og heimetenester har hatt eit meirforbruk på 620 000 kroner. Det kom auka utgifter til tenestene for funksjonshemma då raset i Tokagjelet medførte ekstra bemanning i 2 mnd sidan det ikkje var mogleg å koma seg til Storholmen. Open omsorg fekk auka utgift pga av at Tokagjelet var stengt i 2 månadar og brukarar måtte vere heime med 1:1 bemanning. Ny avtale med bemanningsbyrå vart inngått i 2013. Prisen pr time vart høgare enn i tidlegare avtaler. Dette skuldast at ingen firma gav tilbod innafor rammeavtala som kommunen er ein del av. Tidlegare år har det vore liten prisskilnad mellom å bruka egne tilsette eller å bruka bemanningsbyrå. Sjukeheimen har brukt 6,86 mill kroner til å leige inn personale, dette er 1,4 mill kroner meir enn budsjettert. Ser me desse utgiftene i samanheng med lønsutgifter og refusjon har PLO hatt ei meirutgift på 898 000 kroner. PLO meldte tidleg på året om at dei måtte dekkja husleige på omsorgsbustader på Ytre-Tysse som ikkje har vore leigd ut. Det har vore få søkarar til desse ledige bustadane, i tillegg har kommunen vore litt tilbakehalden med å leiga dei ut i påventa av ei avklaring rundt mellombels drift sjukeheim. Totalt har dette kosta eininga 158 000 kroner noko som er 79 000 kroner meir enn budsjettert.

Det er kjøpt inn 156 000 kroner meir i utstyr enn det som vart budsjettert. Dette skuldast m.a. at to bekkenspylarar måtte skiftast. Eininga ba ikkje om tilleggsføring då dei meinte at dei ville klara å finansiera kostnaden med omdisponeringar på eige budsjett.

Eininga har hatt auka inntekter på 563 000 kroner fordelt på refusjon (ikkje knytt til sjukdom eller svangerskap) og brukarbetaling.

Sosial- og helseeininga. Resultat: meirforbruk 762 000 kroner. Avvik : 4,07 %. Sum netto resultat 19,46 mill kroner. Eininga har fått styrka budsjettet med 1,1 mill kroner i løpet av året. Helsetunet har hatt eit meirforbruk på 388 000 kroner. Det negative avviket ligg på legekantoret med 473 000 kroner. Her har utgift til legevaktsamarbeid auka med 165 000 kroner utan at budsjettet er auka opp tilsvarende. Ein av legane ved kantoret har hatt permisjon med løn sidan hausten 2013. Dette har gitt ein ekstra utgift på 160 000 kroner.

Sosialkantoret har hatt ei mindreforbruk på 147 000 kroner, barnevern har hatt eit meirforbruk på 218 000 kroner og kontor for flyktningar har eit negativt avvik på 304 000 kroner som skuldast at forventa refusjon frå IMDI (integrerings og mangfoldighetsdirektoratet) vart lågare enn forventa.

Kultureininga. Resultat: mindreforbruk 89 000 kroner. Avvik: 2,73 %. Sum netto resultat 3,16 mill kroner. Sjukdom har gjort at aktiviteten ikkje vart så høg som forventa på slutten av året. Det har ikkje vore utgifter til vikar i denne perioden, og eininga har her hatt ei innsparing på 75 000 kroner.

Samnanger barneskule. Resultat som budsjettet. Sum netto resultat 19,09 mill kroner. Det er blitt overført 170 000 kroner til investering for å finansiera utgifter til inventar i det nye bygget. Skulen har hatt meirforbruk på lønn inkl. sjukerefusjon på 384 000 kroner. Det meste av dette meirforbruket gjeld elev frå ein annan kommune og er refundert.

Samnanger ungdomsskule. Resultat: meirforbruk 313 000 kroner. Avvik: 2,91 % Sum netto resultat 11,06 mill kroner. Det vart tidleg at det var feil på budsjettet for ungdomsskulen. Budsjettet for 2013 vart gått igjennom på nytt og styrka med 980 000 kroner. Til tross for dette låg eininga an til å få eit større meirforbruk. Fleire tiltak vart sett inn, og eininga enda med eit avvik på 313 000 kroner. På løn og refusjon løn er det eit negativt avvik på 479 000 kroner.

Teknisk eining. Resultat: meirforbruk 171 000 kroner. Avvik: 1,06 %. Sum netto resultat 16,3 mill kroner. Ein av postane som hadde meirforbruk var utgift til straum. Her vart det brukt 397 000 kroner meir enn budsjettet. Teknisk har hatt meir-inntekter frå sakshandsaming på 240 000 kroner. Eininga fekk ekstra løyving på 146 000 kroner til å reparera brua på Ådland. Sjølvkostområda er avslutta i samsvar med reglane om sjølvkost. Vatn har dei siste to åra gått med overskot og dekkja inn tidlegare års underskot. Det er i 2013 sett av 45 000 kroner til fond. Dei kalkulatoriske rentene vart lågare enn budsjettet med 428 000 kroner. Denne posten påverkar ikkje kommunen sitt resultat, men ein lågare kostnad skal gje eit betre sjølvkostresultat. Når dette ikkje har skjedd i 2013, skuldast det at utgiftene var større enn budsjettet. Det er dei siste to åra brukt 2 mill kroner av fond Sima – Samnanger til vedlikehald og asfaltering av vegar. 310 000 kroner av desse vart brukt i 2013.

Interne tenester. Resultat: mindreforbruk 755 000 kroner. Avvik: 5,96 %. Sum netto resultat 11,92 mill kroner. Det er eit mindreforbruk på ansvar 1200 (politisk nivå og revisjon) på 178 000 kroner. Dette skuldast m.a. at kontrollutvalet ikkje kom så langt som planlagt med arbeidet vedkomande forvaltningsrevisjon. I løpet av året vart budsjett for ansvar 1200 auka med 1,6 mill kroner til gransking av barnevern og for å dekkja nokre av kostnadane til juridisk assistanse i same sak. Dette vart finansiert med disposisjonsfondet.

På ansvar 1201 (stabsdel) er det eit mindreforbruk på 195 000 kroner. Dette skuldast at det har vore lågare utgifter til datautstyr og driftsavtaler på felles IT.


På ansvar 1202 (diverse fellesutgifter) er det eit mindreforbruk på kr 381 000 som skuldast at

motpost fordel kollektiv gruppelivsforsikring blir ført som ein redusert utgift på ansvar 1202, medan "utgifta" blir bokført på kvar eining. Dette er korrigert i budsjettet for 2014. Summen utgjør for 2013 190 000 kroner. Det er ikkje betalt ut for verdibrev i 2013, noko som gjev ei innsparing på 100 000 kroner mot budsjett.

Barnehage. Resultat: mindreforbruk 434 000 kroner. Avvik :2,73 %. Sum netto resultat 15,47 mill kroner. Budsjettet vart nedjustert med 678 000 kroner i løpet av 2013 då føresetnadane i opphavelag budsjett endra seg.


Eininga har hatt meirinntekter på sal og refusjon (ikkje knytt til sjukerefusjon eller moms) på 137 000 kroner. Mindreforbruket ligg i hovudsak på netto løn med 229 000 kroner.

Det er og ansvar som ikkje høyrer inn under ei eining, mellom anna ansvar for rådmannen sitt kontor, pedagogiske tenester, kyrkje og livssyn, næring og ansvar 2000 som er skule og barnehage generelt. Dei største avvika finn me på ansvar 2000 som totalt har eit negativt avvik på 502 000 kroner. Her har PPT og kjøp av undervisning i andre kommunar hatt eit meirforbruk på 446 000 kroner.



Utgifter kommunen har til kommunale barnehagar vil, med unnatak av styrka tilbod, direkte påverka tilskotet kommunen betalar til private barnehagar. KS gjorde i 2013 ein undersøking basert på rekneskap 2012 og den viste m.a. at Samnanger låg høgt på utgifter pr born, særleg for born over 3 år. Dei fleste av borna under 3 år går i den kommunale barnehagen noko som gjer at drifta er meir effektiv (fleire å fordela utgifta på) Utgangspunktet for tilskot var i 2013 kr 233 156 for born under 3 år (kr 202 959 i 2012) og kr

117 118 for born over 3 år (kr 100 176 i 2012) Desse tala er eks kapitaltilskot og tek ikkje omsyn til kva prosentsats som er brukt for å berekna tilskotsatsen. Samnanger bruker minimumssats som i 2013 var på 92,83 %. Den private barnehagen fekk i 2013 eit tilskot på 3,4 mill kroner. I tillegg betaler kommunen 419 000 kroner for kjøp av plasser i andre kommunar (private barnehagar), Totalt har kommunen eit meirforbruk på 168 000 kroner som gjeld private barnehagar.



Premieavvik

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed og rammevilkåra til kommunen. Eit positivt premieavvik blir bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 10 åra (akk premieavvik). Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat. Samnanger kommune har for første gong sidan bokføringsreglane om premieavvik vart innført, eit negativt netto resultat av premieavvik på 663 000 kroner. Dette var kr 488 000 høgare enn forventa. (For meir informasjon om


premieavviket, sjå note 3 og 5 i rekneskapan).

Det er viktig å hindra at det akkumulerte premieavviket vert for stort. Dette kan me påverka ved å bruka av fond til å betala pensjonsrekningar frå selskapa. Når me bruker av fond, vert årets premieavvik lågare og dermed og det akkumulerte premieavviket som vert ei utgift for kommunen. I 2013 brukte kommunen 3,39 mill kroner av premiefondet i DNB og 0,35 mill kroner i KLP. Frå 01.01.2014 er kommunen si avtale med DNB sagt opp og ny avtale er inngått med KLP. Pr 31.12.2013 har Samnanger kommune 3 584 533 kroner på premiefond i DNB, av dette er 968 327 kroner AFP-fond og 249 862 kroner fond folkevalte. Me har og fått melding om at eit positivt årsoppgjer har tilført fondet 700 000 kroner. Fond hos KLP blir fortløpande brukt til å betala pensjonsrekningar med.

Finansplassering


Kommunen plasserte i 2009 kr 5 mill. i eit fastrenteinnskot i Nes Prestegjeldssparebank. Innskotsperioden er 3 år, og kommunen var garantert minimum 3,9% i rente p.a. Denne plasseringa vart utvida med eit år til 3,5 % rente. Avtala vart sagt opp juni 2013, og innestående beløp overført til kommunen sin konto i Sparebanken Vest.

Aksjane i Nordisk Areal as hadde ein verdi pr 31.12.2013 på kr 56,- pr aksje, ein reduksjon på kr 23 pr aksje frå 2012. Kommunen har 39 147 aksjar. Det vart i 2013 betalt ut eit utbytte på kr 508 911 (kr 13 pr aksje). Hausten 2011 vedtok kommunestyret at aksjeposten skal seljast til kr 86,- pr aksje eller meir. Det er i 2013 bokført eit urealisert tap på kr 900 381. For meir informasjon vedr. finansplassering sjå note 3 og 7. Kommunen har bokført eit netto tap på 1,8 mill kroner i perioden etter kjøp i 2007. Sjå graf.



Driftsutgifter

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 7,6 mill kroner frå 2012. Løn, som er den største delen av driftsutgiftene, har auka med 2,15 % (2,6 mill kroner). Kjøp av tenester har auka med 3,2 mill kroner. Her har innleige av personell auka med 1,3 mill kroner til 6,9 mill kroner i 2013. Kjøp frå private barnehagar har auka med 400 000 kroner og tilskotet var i 2013 på 3,4 mill kroner. Kjøp frå staten har auka med 934 000 kroner, i all hovudsak gjeld dette barnevern. Kjøp av varer og tenester har auka med 900 000 kr. Av dette har kjøp av konsulent auka med kr 2,4 mill kroner, 1,4 mill kroner er knytt til gransking av barnevernssak. Kommunen har og hatt utgifter til juridisk hjelp i denne saka.



Overføringer har auka med 847 000 kroner som inkluderer utgifter til samhandlings-reforma. Denne utgifta har auka med 429 000 kroner til 2,57 mill kroner i 2013.

2013 var eit mellomoppgjer tariffmessig, og resultatet for dei fleste tilsette var ei lønsauke på mellom 1% og 1,3% . Sjukefråværet har auka i 2013 frå 7,4 % til 7,8 % . I 2013 mottok kommunen 4,34 mill kroner i refusjon sjukeløn og fødselspengar mot 5,5 mill kroner i 2012. Me gjekk over til å føra løn og refusjon i rekneskapssystemet Agresso i 2012. I dette første året vart feriepengerefusjon ført som inntekt både som krav og som utbetalt for 2011. Sjølv om me korrigerer for det som ville vore inntektsført i 2011 i Agresso (290 000 kroner), er det utbetalt mindre refusjon i 2013 enn i 2012 sjølv om sjukefråværet har auka.

Tal tilsette i Samnanger har auka med ein person til 275 og tal årsverk er auka med to til 187 i 2013. Sjå note 18.

Oversikt over lønsutgifter i driftsrekneskapen inkl. sosiale utgifter korrigert for sjukepengerefusjon og premieavvik (tal i 1 000 kr)

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Lønsutgifter	89 914	99 134	104 038	109 207	121 415	123 992	125 085
- Sjukepengar	3 369	4 046	3 450	3 110	4 683	5 501	4 348
Netto løn	86 545	95 088	100 588	106 097	115 911	117 558	120 737
% auke	10,1 %	9,9 %	5,8 %	5,5 %	10,0 %	1,5 %	1,9 %

Brutto driftsutgifter; Samnanger og samanlikning med andre.


Oversikta viser korleis kommunen har prioritert dei forskjellige områda samanlikna med kotragergruppe 2 og landet utan Oslo. "Helse og omsorg" omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene. Samnanger kommune prioriterer desse områda høgare enn både KG 2 og landsgjennomsnittet utan Oslo. Kommunen bruker ein større del av brutto driftsutgifter på barnehage samanlikna med kostragergruppe 2, me ligg og over landsgjennomsnittet.

Kommunen brukar framleis mindre del av utgiftene til kultur og litt meir på kyrkja enn dei me samanliknar oss med.

%- vis fordeling av brutto driftsutgifte til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter

	Samnanger					KG2 2013	Landet utan Oslo 2013
	2009	2010	2011	2012	2013		
Adm. og styring	7,3	7,5	7,9	7,7	8,2	8,3	6,4
Barnahage	10,7	11,0	12,0	12,6	12,4	9,7	11,9
Skule	23,8	22,6	19,4	20,5	20,4	20,0	20,5
Helse og omsorg	35,7	34,9	35,0	35,0	36,0	34,3	32,8
Sosial	2,4	3,4	3,9	2,8	2,4	2,6	4,1
Barnevern	1,7	1,7	2,4	2,8	3,7	3,0	3,1
Kultur	2,5	2,1	2,7	2,2	2,3	3,1	3,5
Kyrkja	1,6	1,6	1,5	1,4	1,4	1,1	0,9
Næring	1,5	1,8	1,2	0,9	0,8	2,1	1,1
Andre	12,8	13,5	14,0	14,1	12,4	15,8	15,7


Finansutgifter - lånegjeld og renter



Søylene viser utviklinga i lånegjeld dei siste åra og linja viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. I netto lånegjeld er utlån og unytta lånemidlar tatt ut. Kommunen hadde i 2013 ei lånegjeld på 68,5 % av driftsinntektene. Kostragruppe 2 (KG 2) låg på 67,1 % og landsgjennomsnittet utan Oslo på 66,6 %.

Total lånegjeld pr 31.12.2013 er på 152 mill kroner inkludert unytta lånemidlar på 13 mill kroner. Det er tatt opp 2 nye lån i 2013, 2 mill kroner til startlån og 20 mill kroner til investeringar. I 2014 blir det tatt opp eit lån på 17 mill kroner.


Samnanger har i mange år hatt færre lånekroner pr innbyggjar enn i KG 2 som er naturleg å samanlikna seg med. KG 2 består av 66 små kommunar som har middels bunde kostnader og middels frie disponible inntekter pr innbyggjar. Veksten i KG 2 har flata ut, medan veksten i Samnanger framleis er på veg opp. Den blå grafen er Samnanger, den raude er KG 2 og den grønne er landet utan Oslo.



Samnanger kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyvning mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av rente- og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek og risiko ved tap. I 2013 har kommunen tapsført eit startlån. Tapet vart dekkja med tapsfond finansiert av Husbanken. Kommunen tek og opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansiert. For kommunen vil nedbetalings-tid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunne gje driftsutgifter utover sjølvkost.

Grafen til høgre viser renter og avdrag knytt til nybygg og andre investeringar, startlån og lån til VA er ikkje med her. Renteutgifter i 2013 på kr 461 300 finansiert i investeringsrekneskapen (byggjelånerente). Kommunen har dei siste åra tatt opp lån med to avdragsfrie år, og pr 31.12.2013 er det 45,5 mill kroner som me ikkje er begynt å betale avdrag på endå.

Med alle dei investeringane som ligg i økonomiplanen, vil rente og avdragsutgifter dei neste åra bli så høge at det ikkje vil vera mogeleg å betena låna med dagens drift. Dette var hovudgrunnen til at kommunestyret vedtok for budsjett 2014 å utvida eigedomsskatt til å gjelde heile kommunen f.o.m. 2015. Kva eksakt inntekter dette vil gje kommunen er for tidleg å seia.



Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2013 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til Soknerådet. Totalt har kommunen mottatt 619 421 kroner. Av dette gjeld 105 703 kroner omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane vert vidareformidla til Tysse utleie.




Det var for 2013 lagt til grunn ei flytande lånerente på 2,3 % . Renta i kommunalbanken kor dei fleste låna med flytande rente er, har vore på ca 2,26%. (sjå note 14). Renta på innskot har vore på ca 3,2 % (Sjå note 7a). Framdrifta på fleire investeringsprosjekt har ikkje vore som forventa, og kommunen fører berre renta på den del av lånet som er blitt brukt i investering. Overføring av renteutgift frå drift til investering har derfor vore lågare enn budsjettert og gitt ein auka kostnad i driftsrekneskapen. På den andre sida har desse lånemidlane stått på kommunen sin bankkonto og gitt auka renteinntekter. Totalt har kommunen hatt ein gevinst på renter på 130 000 kroner når me ser dette under eit.

Driftsinntekter

Kommunen får stadig større del av overføringane frå staten som rammetilskot. Dette er tilsikta frå staten si side som har ynskja ein vridning av kommunane sine inntekter frå skatt til ramme. Kommunen sine inntekter har auka med 4,6 mill kroner (2,83 %) frå 2012 til 2013. Summen er inkludert investeringsmoms på 5,8 mill kroner (6,8 mill kroner i 2012). Inntekt frå eigedomsskatt har auka med 2,4 mill kroner noko som er ein auke på 27 % frå 2012. Den store auken har samanheng med at verk og bruk vart taksert på nytt i 2012 (inntekt i 2013) og at anlegg Sima – Samnanger var komen lenger i byggeprosessen pr 01.01.2013 og derfor gav meir inntekter. Rammetilskot har gitt auka inntekter på kr 2,3 mill kroner (5,23 %) samanlikna med 2012, medan skatteinntektene berre har auka med 0,9 mill kroner (1,8 %). Posten andre overføringar er overføring frå fylkeskommune, andre kommunar, gåver, konsesjonsavgift og sal konsesjonskraft og liknande. Denne posten har auka med 1,5 mill kroner (10,69%) og skuldast i hovudsak at me i 2013 fekk betre betalt for konsesjonskrafta. I 2013 fekk kommunen 4,2 mill kroner i inntekt mot 2,6 mill kroner i 2012.

Salsinntektene har hatt ein reduksjon frå 2012 på 0,99 mill kroner. Det meste av forklaringa ligg i at tømning av private septiktankar skjer anna kvart år og 2012 var eit tømme-år med 900 000

kroner i inntekt. Refusjonar og tilskot er redusert med 1,7 mill kroner. 1 mill kroner gjeld reduksjon i investeringsmoms og 1,1 mill kroner gjeld lågare inntekt refusjon sjuke- og fødselspengar.



Inntekter frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft

Samnanger kommune sel 22.321,1 MWh/år. I 2013 selde kommunen krafta på spot-marknaden. Dette vart gjort ut frå at me gjennom 2012 ikkje fann dei tilbydde prisane i fastmarknaden gode nok. Prisane dei siste åra har jamt over vore lågare enn det kommunen fekk i perioden 2008 – 2010. Mykje nedbør, god hydrologi og låge kol og CO2 prisar er med på å påverka prisane i negativ retning sett frå

seljar sin ståstad. I 2013 fekk kommunen inntekter på kr 4,2 mill mot budsjettet kr 4 mill.

Prisane dei siste åra viser at me bør vurdere om dagens måte å selja krafta på er den rette. Eit alternativ kan vera å bruke krafta sjølv. Eit anna kan vera om kommunen skal gå inn på meir langsiktige avtalar.



Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det utskreve eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Av inntekta på vel 12,36 mill kroner gjeld 1,06 mill kroner skatt på anlegg under arbeid (Sima-Samnanger). Arbeidet vart ferdig seinhaustes 2013.

Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av likningsmyndigheitene kvart år. Det vart i eigedomsskattelova innført ei minimum og maktgrense som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket er blitt indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomsskattelova gir eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. På oppdrag frå eigarkommunane i LVK (Landssamanslutninga av vassdragskommunar) vert det arbeid med å få bort dette makstaket, men det må i tillegg arbeidast politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

Naturressursskatt

Med kraftproduksjon i kommunen kjem naturressursskatt. Naturressursskatt blir utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil ikkje variera mykje frå år til år når produksjonen er normal. I 2013 fekk kommunen 4,37 mill kroner i naturressursskatt.

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift skal vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som kjem som følgje av utbygging av kraftanlegg. Dette vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gitt etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg. Summen er fast og blir indeksregulert kvart 5. år. I 2013 fekk kommunen kr 898 443 som i samsvar med føringar er sett av på næringsfondet.

Samla oversikt over inntekter frå kraftproduksjon

	2010	2011	2012	2013
Konsesjonskraft	6 395 351	5 100 772	2 673 976	4 225 317
Konsesjonsavgift	898 443	898 443	898 443	898 443
Naturressursskatt	4 420 658	4 420 658	4 399 241	4 369 981
Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon og leidningsnett	8 815 604	8 884 266	9 736 051	11 762 049
Sum inntekter knytt til kraftproduksjon	20 530 056	19 304 139	17 707 711	21 255 790

Fond

Disposisjonsfond


Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr 31.12.2013 er 2 120 400 kroner. Av dette er det 279 379 kroner som ikkje er disponert. Dette gir kommunen låg margin i forhold til uføresette hendingar. I budsjettet for 2013 vart det lagt opp til å bruke 522 000 kroner av fondet. I revidert budsjett er summen auka med 2 mill kroner.

Mindreforbruket for 2012, som var på 2,89 mill kroner, vart sett av til disposisjonsfond. Med eit meirforbruk i rekneskapen for 2013 måtte det gjennomførast strykingar, og 193 610 kroner vart ført tilbake for å dekkja deler av meirforbruk på 1,35 mill kroner.

For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.

Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk 8.2 mill. kroner i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger Det er gjennom Fylkesmannen avklara med



departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane blir brukt til framtidige investeringar.

Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. I budsjettet for 2014 er det vedtatt å låna 1 mill kroner av fondet for å dekkja kostnadene med å innføra eigedomsskatt.

	2012	2013	Sum
Mottatt fond			8 213 509
Bruk:			
Asfaltering	-1 689 981	-310 019	-2 000 000
Musikkbinge		-158 563	-158 563
Sum bruk			-2 158 563
Resterande sum			6 054 946

Næringsfond

Pr 31.12.13 er kommunen sitt næringsfond på 546 304,79 kroner. Eit vedtak som vart gjort på slutten av året på 100 000 kroner er ikkje med i denne summen eller i oversikten over bruk.

Det er i 2013 blitt tilført 926 884 kroner til fondet. Av dette er konsesjonsavgift 898 443 kroner og netto sal Lønnebakken 28 441 kroner. Løyvingar i budsjettet som ikkje vil bli nytta er tilbakeført til fondet med 168 923 kroner.

I 2014 er det budsjettert med netto bruk av næringsfondet med 23 557 kroner. 300 000 kroner er tilført fondet via forventa sal på Lønnebakken i 2014.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrkja fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal avsetjast og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. I 2013 er det berre selt eit mindre tilleggsareal.

Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2013 på 1,70 mill kroner.

Næringsfondet er i 2013 brukt på denne måten:

Bruk av næringsfondet	2013
Tilskot til private	30 000
Budsjett/ drift	273 077
Småkraft	100 000
Gjestebrygge	100 000
Planarbeid	187 000
VA Bjørkheim	236 285
Sum bruk	926 362

INVESTERINGSREKNESKAPEN

Investeringsrekneskapen i 2013 viser utgifter på 32 mill kroner mot budsjettert 52 mill kroner. Dette avviket skuldast m.a at arbeidet med senter for funksjonshemma ikkje vart starta opp i 2013. Det er og fleire andre prosjekt som ikkje er komne så langt som forventa. Dette gjeld mellom anna vassforsyning Frøland/Totland, Rolvsvåg industriområde og sjukeheimen. Det vart betalt inn ekstraordinært avdrag på startlån med kr 279 020. Dei er etter gjeldande reglar innbetalt til Husbanken. Kommunen hadde utlån av startlån til 30 kundar i 2013, eit av låna er nedbetalt i løpet av året og eit er tapsført. Det er betalt ut 3 nye lån på til saman kr 763 301. Saldo på unytta startlån var pr 31.12.13 på kr 2 261 059. Det er ikkje budsjettert med opptak av startlån i 2014. Samnanger kommune har administrert forskottering av Tysse-tunnellen på totalt 100 mill kroner. Av dette vart 80 mill kroner betalt i 2013. Samnanger kommune sin del av forskotteringa er på 7 mill kroner.

Investeringar i 2013

For 2013 vart det budsjettert med 9 små og større investeringsprosjekt. I løpet av 2013 var det og fleire vedtak på kjøp/prosjekt som er ført i investering. Mellom anna gjeld dette vedtak om kjøp av 2 nye bilar på teknisk, Bjørkheimsområdet og musikkbinge.

Investeringsprosjekt , rekneskap og budsjett

	Kostnadsramme			Rekneskap			Avvik	
	Opphavleg	Justert	Budsjett 2013	2011	2012	2013	Mot kostnadsramme	Mot budsjett 2013
Samnanger barneskule	35 000*	40 955	21 058	552	19 977	23 200	- 2 774	-2 142
- Inventar	213	213	213	0	0	213	0	0
Samnangerheimen	67 000*	92 063	8 396	1 513	1 105	3 923	85 522	4 474
Kommunehuset	3 625	3 625	334	0	3 385	703	-463	-370
Kommunehuset, arkiv	130	130	130	0	0	127	3	3
Kommunehuset, aggregat	375	299	138	0	161	109	28	28
Vassforsyning Frøland	7 721	7 721	7 546	0	201	482	7 037	7 064
Industriområde Rolvsvåg	3 760	3 760	3 760	0	0	1 578	2 182	2 182
2 bilar på teknisk	443	443	443	0	0	448	-5	-5
VVA-anlegg Bjørkheim	391	391	391	0	0	253	138	138
Senter for funksjonshemma	8 713	8 713	8 713	0	0	0	8 713	8 713
Musikkbinge	419	419	419	0	0	419	0	0
Bustadfelt Reigstad	356	356	356	0	0	356	0	0
Gjestebrygge	125	125	125	0	0	125	0	0
	128 058	159 000	52 020	2 066	24 828	31 935	100 382	20 085

*Opphavleg ramme var eks. moms. (Tall i 1000, meirforbruk i -)

Prosjekt som går over fleire år vil ha ei vedtatt kostnadsramme. Når eit år vert avslutta, skal resterande kostnadsramme overførast til neste års budsjett. Budsjettet blir vedtatt fleire månadar før rekneskapen er avslutta, og me ser at det må gjerast eit meir systematisk arbeid med å korrigera vedtatt budsjett i samsvar med resterande kostnadsramme.

Når det vert avvik mellom kostnadsramma og rekneskapen, vil noko av dette avviket liggja på moms som kommunen får refundert. Dette avviket er budsjettjustert. Det er avvik mot kostnadsramma som viser avviket i desse prosjekta, men noko av avviket vil vera finansiert med refusjon investeringsmoms. Det store avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast at framdrift på prosjekt ikkje har vore som forventa.

Samnanger barneskule. KS vedtak 63-64/2010

Samnanger barneskule vart ferdig hausten 2013. Det har kome til utgifter som det ikkje var tatt høgde for i budsjetteringa og prosjektet fekk eit meirforbruk på 2,77 mill kroner meir enn kostnadsramma på 40,95 mill kroner. Noko av avviket vil bli dekkja av auka refusjon frå investeringsmoms. Meirforbruket som ikkje blir finansiert med auka investeringsmoms er på 2,1 mill kroner. Det vil bli laga eit prosjektrekneskap.



Samnangerheimen KS vedtak 63-64/2010 & KS 30/12

Utbygging av sjukeheimen er ei stor utfordring for kommunen. Dette gjeld først og fremst å få eit bygg som er innan dei økonomiske rammene som Samnanger toler. I 2013 har det vore fleire runder rundt dette tema, men det er fortsett vanskeleg å sjå kvar ein ender økonomisk. Det er sett ei grense på brutto 100 mill. kroner. Prosjektet er gjennomgått fleire gonger med tanke på å redusera utbygginga. Det er og vurdert om ein heller skulle byggja på ein annan stad. Ein har halde fast på utgangspunktet, men i gjeldande planar er tilrettelegging av det nye bygget for framtidig utviding teke bort.

Prosjektet vert lyst ut på tilbod våren 2014, og først når ein ser tilboda vil ein kunne ta endeleg avgjerd om igangsetting.

Kommunehuset KS vedtak 68/2011

Hausten 2012 starta arbeidet med å renovera kommunehuset utvendig. Arbeidet vart ferdig ved utgangen av februar 2013. Vindauge og veggjar er skifta, og mur er pussa og mala. Det vart noko uføresett, m.a. var arbeidet med muren ikkje med i opphavleg kalkyle. Meirforbruket vart 463 000 kroner meir enn kostnadsramma som var på 3,625 mill kroner. Tek me omsyn til at investeringsmomsen vert refundert, vert avviket som må finansierast 370 000 kroner. Det blir lagt fram byggerekneskap for prosjektet..

Musikkbingen KS vedtak 15/2012

I Kommunestyresak 15/12, fordeling av fond Sima-Samnanger, vart det vedtatt å bruke inntil kr 500 000 på å byggje ein musikkbinge i Samnanger. Kommunen søkte Musikkutstyrsordningen om tilskot og fekk innvilga søknaden med kr 200 000 til bingen og kr 28 973 til utstyr. Bygging av musikkbingen kom på totalt kr 335 288 eks. moms og er finansiert med kr 200 000 i tilskot og kr 135 288 frå fond Sima- Samnanger. I tillegg er det brukt kr 23 274,80 av fondet til utstyr til musikkbingen.

Senter for funksjonshemma KS vedtak 86/2012

Kostnadsramma er på 8,7 mill kroner. Arbeidet er ikkje starta opp i 2013.

2 bilar på teknisk Form. vedtak 9/2013

Det vart i formannskapet i sak 9/13 vedtatt å løyve 390 000 kroner frå disposisjonsfondet til kjøp av to bilar på teknisk. Bilane kom på 447 660 kroner. Verdien på dei gamle bilane var estimert til 20 000 kroner , men gav 5 000 kroner ved sal. Resterande beløp er overført frå drift.

Vassforsyning Frøland – Totland KS vedtak 68/2011

Kostnadsramma for prosjektet er på 7,721 mill kroner. Mesteparten av arbeidet vil bli utført i 2014. Vassforsyninga til Frøland/Totland er avhengig av framdrifta på veganlegget Tysse – Frøland. Arbeidet med å byggja vassleidninga i dette området ligg inne i kontrakten til vegvesenet og vert utført av Implenia. I begge endar av veganlegget vil kommunen sin leidning liggja utafør anbodsgrensa til veganlegget og er derfor ikkje med i anbodet til Implenia.

Samnanger kommune har inngått avtale med alle grunneigarane på strekninga Frøland – Totland og arbeidet har vore lyst ut på Doffin. Odland Maskin AS har fått tildelt dette arbeidet og er no i 2014 i full gang. Denne delen skal vera ferdig innan 01.06.14.

Då gjenstår trykkaukingsstasjon og tilkopling på Tysse sida. Dette vil ikkje verta gjennomført før til hausten 2014, då kommunen med tidlegare oppstart vil hindra framdrifta for veganlegget. Planen er at når Implenia er ferdig med sin del av leidningsarbeidet, skal det vera klart til å levera vatn på anlegget.

Rolvsvåg industriområde KS vedtak 86/12

Før kommunen kunne etablere nytt industriområde på eit høgare nivå i Rolvsvåg, måtte eksisterande vassinntak flyttast lenger opp i vassdraget. Fleire alternativ har vore vurderte, og me valte ei løysing med boring i lausmassar.

Det er no etablert to borebrønner med overføringsleidningar ned til reinseanlegget. Prøvedrift går føre seg våren 2014, og det er krav om prøvedrift med vassprøver i ein periode før ein kan sleppa vatnet inn på nettet. Resultata ser foreløpig svært lovande ut og me reknar med at anlegget vil vera i drift i løpet av sommaren 2014.



Reguleringsplan for Øvre Rolvsvåg, utarbeidd av Norconsult, vart lagt fram for naturutvalet for endeleg vedtak i juni 2013. Planen vart etter synfaring med naturutvalet sendt attende til administrasjonen med krav om endring av vegtraseen. Bestilling av planar for ny vegtrase, samt endring av vassinntaket, vart oversendt Norconsult, og planen skal leggjast ut til andre gongs offentlig ettersyn og påfølgjande endeleg vedtak i juni 2014.

VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet Form. vedtak 26/2013

Formannskapet vedtok i sak 26/13 å løyve kr 374 000 frå næringsfondet til plan og prosjektering av veg, vatn og avløp for Bjørkheimsområdet. Prosjekteringsarbeidet er i full gang og skal etter planen fullførast våren 2014.

Tomter

Det er selt eit lite tilleggsareal på Lønnebakken i 2013. Ikkje alle attverande tomtene i feltet er mogleg å byggja på slik dei ligg no. Kommunen har ved ulike høve vurdert om og evt kva tiltak som kan gjerast for å få avslutta feltet.

I bustadfeltet i Rolvsvåg er det selt 1 tomt til kr 100 000. Nettoinntekt er sett av til ubunde investeringsfond. Det er ikkje selt tomtar i Rolvsvåg industriområde.

Kjøp av "Erikajorda" vart endeleg fullført ved at det kom til semje mellom kommunen og den fjerde eigaren. Den inngåtte avtalen inneber at kommunen erverva "innmarka". Utgiftene til kjøpet var i 2013 på kr 325 000. Det er tidlegare betalt vel 600.000 kroner til dei andre eigarane..

For meir detaljert oversikt over tomtar, eigendelar og anlegg sjå balansen i rekneskapen.


Oversikt over finansiering av investeringar i 2013: (tal i heile tusen)

	Utgift	Avsett	Finansiering					
			Lån	Tilskot/ refusjon	Fond	salg	drift overført investering	drift moms komp.
Bygg								
Samnanger barneskule	23 412	0	19 862	0	0	0	170	3 380
Samnangerheimen, planlegging	3 923		3 196	0	0		0	726
Kommunehuset	703		563		0			141
Kommunehuset, arkivrom	127		101	0	0	0	0	25
Musikkbinge	419			200	135		84	
Eigedom								
Lønnebakken	0	28	0	0	0	28	0	0
Industriområde Rolvsvåg	1 578	0	1 342	150	0	0	0	86
Bustadefelt Rolvsvåg	8	92				100		
Bustadefelt Reigstad	356		356					
2 bilar på teknisk	501	0	0	0	390	5	53	53
pc barnehage og skule	208				0		166	42
Straumaggregat	109		67				0	42
Miljøgate Ytre Tysse	4	33	0			37		0
Vassforsyning Frøland	482		482					
Bjørkheim	253				236			17
Gjestebygge Bjørkheim	125				100			25
Sum	32 209	153	25 971	350	862	171	473	4 536

Sjå og note 12 i rekneskpaen

Samnanger har tidlegare år overført all investeringsmoms til investeringsrekneskapan. I 2013 fekk kommunen eit meirforbruk på driftsrekneskapan og berre pliktig del på 80 % er overført til investering. Konsekvensen av dette er at bruk av lånemidlar måtte aukast med 1,095 mill kroner.

Samnanger er no inne i nokre år med store investeringar. Me er i 2013 ferdig med bygging av ny fløy på barneskulen, men bygging av ny sjukeheim vert tidlegast starta opp hausten 2014.



I tillegg til pliktig del av investeringsmoms er det overført kr 473 000 frå drift til investering. Dette er stort sett for å finansiera innkjøp knytt til eininga, men som pga storleiken på innkjøpet må utgiftene først i investering. For eks gjeld dette kjøp av pc til skule og barnehage og inventar på barneskulen. Kr 42 000 er overført til å dekkja eigarinnskot KLP.

Samnanger kommune finansierer 80,5 % av investeringane med lån, noko som gjer at me ligg godt over både KG2 og landet utan Oslo. Kommunen skil seg og ut når det gjeld finansiering frå tilskot, refusjonar og sal då berre 2,2 % av finansieringa frå desse postane. KG 2 har til samanlikning 21 % her.





Samnanger kommune samanlikna med andre

Dei minste kommunane har noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Mindre kommunar har ”smådriftsulemper” og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. Samnanger kommune er berekna til å ha eit utgiftsbehov i 2013 som er 12 % høgare enn landsgjennomsnittet mot 14 % i 2012. I inntektssystemet er det innført eit småkommunetilskot som går til kommunar under 3000 innbyggjarar som delvis er med å dekkja opp for dette.

Figuren under viser at me bruker vel 8.000 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet på drifta. Det utgjer ein differanse på 15 %, jmf. punktet over om berekna utgiftsbehov. Samnanger har dei to siste åra hatt driftsutgifter under nivået for KG 2, men langt høgare (15%) enn landsgjennomsnittet. Me står føre store utfordringar på investeringssida, og skal dei mange prosjekta realiserast er det naudsynt å redusera driftsutgiftene.

Samnanger har hatt om lag same utviklinga som landsgjennomsnittet frå 2012 til 2013 når me måler inntekter pr. innbyggjar. I KG 2 har inntektene vokse meir.




I 2012 viste tabellen eit netto driftsresultat for Samnanger godt over tilrådd resultat på 3% av brutto driftsinntekter. For 2013 er dette på 1,6%. Ein vesentleg faktor i dette reknestykket er mva.- kompensasjonen for investeringane som vert ført som driftsinntekt medan mva-utgiftene vert ført i kapitalrekneskapen. Netto driftsresultat vert derfor påverka av investeringsaktiviteten i kommunen. Korrigerar me for investeringsmomsen ville resultatet i 2012 vore på 0,14% og i 2013 på – 1,36%

Samnanger kommune har alltid ført over heile mva-refusjonen knytt til investeringane. Me gjer opp kapitalrekneskapen i balanse, og slik sett innverkar ikkje investeringsmomsen til å skapa eit ”kunstig” driftsoverskot. Som fylgje av meirforbruket (driftsunderskotet) i 2013 bruker også me

av investeringsmomsen til å betala drifta med. F.o.m. 2014 skal mva-refusjon på investeringar først direkte i investeringsrekneskapen.

	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,6	1,7	2,5	3,1
Frie inntekter i kroner per innbygger	54478	53468	46603	46475
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	191,5	207,6	200,2	206
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekt	3,6	3,5	2,2	3,4


Me har starta opptrappinga av lånegjelda vår, og me ligg no nokså høgt samanlikna med andre når me måler den som kr pr. innbyggjar. Som kjend vil m.a. bygging av ny sjukeheim medføre opptak av ytterlegare lån. Sidan med har høgare inntekter enn dei andre, ligg me fortsett lågast når me målar lånegjelda i % av driftsinntektene.



Skatt og rammetilskot

Kommunane sine "frie" inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot. For Samnanger kjem ein god del inntekter frå kraftproduksjonen hovudsakleg frå BKK. Dei minste kommunane har ein mindre del av inntektene sine frå skatt på inntekt og formue og tilsvarande meir frå rammetilskotet. Den statlege modellen for overføring til kommunane er justert slik at skatt dei siste åra har utgjort ein mindre del av dei frie inntektene enn tidlegare.

I skattedelen til Samnanger ligg også naturressursskatten som er knytt til kraftproduksjon. Den utgjer for Samnanger sin del i 2013 2,2 %, for dei andre utgjer det mest ingen ting. Med sine vel 6 % utgjer eigedomsskatten ei vesentleg inntektskjelde for Samnanger.



Andre inntektstyper

For Samnanger gjer inntekter frå sal av konsesjonskraft sitt til at kommunen har meir å rutta med enn mange andre kommunar. Prisane på kraft har gått vesentleg ned, og prognosane tilseier at slik vert det framover. I 2013 selde me denne i spotmarknaden. For 2014 valde me i februar å selja til fastpris. Me vurderer fastløpande korleis me skal selja krafta framover, men førebels vel me å sjå utviklinga frå eit år til neste.

I tabellen under operer me med relative tal. Når Samnanger får vel 74% av inntektene frå skatt og ramme mot henholdsvis 67% (KG 2) og 69% (landet), vert det mindre på dei andre inntektskjeldene. Det er likevel grunn til å merka seg den låge delen frå sals- og leigeinntekter. Sjølv om me har auka inntektene frå div. sakshandsamingsgebyr på teknisk, går denne anden ned (9,9% i 2012).

%-vis fordeling av dei øvrige inntektskjeldene

	Samnanger	KG 2	Landet
Andre statlige tilskudd til driftsformål	1,1	2,6	3
Naturressursskatt (del av skatteinntektene)	2,2	0,4	0,2
Sals- og leigeinntekter	9,2	13,5	13,8
Andre driftsinntekter	13,4	16,8	14,5

Bruk av midlane – prioritering

Ulikskapar i bruken av midlane mellom kommunar kan skuldast medvetne prioriteringar, men det kan og skuldast lokale tilhøve. Ulik samansetting av innbyggjarane t.d. i høve til alder, vil gje ulik etterspurnad etter kommunale tenester.



%-del av folketalet fordelt på aldersklasser.

	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
0 åringer	1,1	1	1,2	1,2
1-5 år	6,3	5,7	6,5	6,2
6-15 år	11,9	12,5	12,4	12,1
16-18 år	3,9	4	3,9	3,9
19-24 år	6,6	7,5	8,6	8
25-66 år	54,4	52,6	54,4	55
67-79 år	9,6	11	8,8	9,4
80 år og over	6,2	5,6	4,3	4,3

Det er små variasjonar, men det er grunn til å merkja seg at det i Samnanger er færre i aldersgruppa 19 – 24 år enn hjå dei andre. Me har og fleire over 80 år, og denne aldersgruppa har auka andelen sin frå 2012 (6,0 %). Det siste er viktig med tanke på at dei eldste etterspør meir tenester frå pleie og omsorg og frå helsevesenet.

I figurane under er det gjort eit forsøk på å samanlikna bruken vår av midlar på ulike tenester med andre kommunar. Det kan vera mange grunnar til ulikskapar. Særleg for dei minste kommunane kan einskildtilfelle, det vera seg elevar med store tilpassings- eller læreproblem eller klientar med omfattande hjelpebehov i plo, få stor innverknad. Særleg innan skule kan ”uheldig” elevtal føra til ”dyrare” teneste når me delar kostnaden ut pr. elev. Døme på dette er at det t.d. ikkje treng vera fleire lærarårsverk i ei klasse med 28 elevar som i ei klasse med 20.

Driftsutgifter til ulike tenester i kr. pr innbyggjar



Grafane over viser at Samnanger bruker fleire kroner enn både landsgjennomsnittet og KG 2 på dei fleste områda. Dei største skilnadene finn me i 2013 på pleie og omsorg, barnevern og barnehage. Delar av det relativt sett store forbruket til plo skuldast at me har fleire eldre innbyggjarar.

%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter


	Samnanger kommune		KG 2	Landet
	2012	2013	2013	2013
Adm. og styring	9,6	10,3	10,7	7,6
Barnehage	14,2	14,2	11,7	14,5
Skule	24,7	23,9	24,9	23,6
Helse og omsorg	40,1	41,7	39,3	35,8
Sosial	3,5	3,0	2,9	5,4
Barnevern	2,1	3,3	2,9	3,2
Kultur	2,6	2,6	3,3	3,8
Kyrkja	1,8	1,8	1,5	1,1
Samferdsle	3,1	2,1	2,1	1,5
Brann og ulukke	1,9	1,7	1,4	1,3

Når me les denne tabellen, må me vera merksam på at Samnanger har meir midlar enn landsgjennomsnittet og litt mindre enn KG 2. Dvs. kvar % i Samnanger inneber fleire kroner enn landet men mindre enn KG 2. Mindre kommunar bruker større del av ressursane på administrasjon og styring. Samnanger prioriterer helse og omsorg langt høgare enn KG 2 og langt høgare enn landsgjennomsnittet. Ein vil koma attende med meir informasjon ut over i meldinga.

Produktivitet


Medan netto driftsutgifter seier noko om kommunen si prioritering av midlane gir brutto driftsutgifter ein peikepinn på produktivitet. Det er ikkje alle områda som er like enkle å samanlikna ut frå KOSTRA-statistikken, men det er likevel grunn til å merkja seg at

Samnanger har like eller høgare utgifter enn både KG 2 og landsgjennomsnittet for alle tenestene. Dvs. at me har høge kostnader pr. produsert teneste. Det kan vera mange grunnar til det, nokre av dei er strukturelle, men det bør vera mogleg å kutta kostnader.



Personalstatistikk

Årsverk Samnanger kommune




Aldersfordeling

Aldersfordelinga for dei tilsette i kommunen viser mellom anna at det er relativt mange som vil nå pensjonsalder dei komande åra. Det har ikkje vore større endringar i aldersfordelinga dei siste åra.


Tilsette i kommunen

Kommunen hadde ca. 187 årsverk pr. 31.12.2013, fordelt på om lag 280 personar. Samla for perioden 2007 – 2013 har det vore ein auke på om lag 17 årsverk i kommunen (om lag 10%). Etter 2010 er tal årsverk redusert med 3.

Årsverk fordelt på alder





Tal tilsette i aldergruppa 55 år og eldre (personar per årstrinn)



Likestilling


Til liks med andre kommunar er det eit stort fleirtal av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Det bør vera ei målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling innanfor ein del tenesteområde, til dømes barnehage, pleie/omsorg, kommuneadministrasjon og teknisk drift/vedlikehald. Kommunen hadde i 2013 ikkje spesielle tiltak eller verkemiddel knytt til likestilling.




Sjukefråvær

Arbeidsmiljøutvalet har vedteke ei målsetting om at sjukefråværet i kommunen ikkje skal vera høgare enn 6 prosent.

I 2013 var sjukefråværet 7,8%. Dette var ein liten auke i forhold til 2012, då sjukefråværet var 7,4%.



I forhold til 2012 auka sjukefråværet i 2013 i kommuneadministrasjonen, i sosial- og helseeininga og i kultureininga. Teknisk eining hadde vesentleg lågare sjukefråvær i 2013 enn i 2012. For dei andre einingane var det relativt små endringar frå 2012 til 2013.



Det var aldersgruppa 20 – 29 år som hadde det klart høgaste sjukefråværet i 2013, på same måte som i 2012.

Tilgang på arbeidskraft

Kommunen hadde i 2013 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde, men det var utfordringar knytt til å få kvalifisert personale til nokre stillingar, mellom anna biblioteksjef.

Det er framleis også ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor ein del område er små. Dette gjer at me er spesielt sårbare når fagpersonar sluttar, samt at det kan vera vanskeleg å halda på yngre medarbeidarar med høgskule-/universitetsutdanning i enkelte einingar.

Lokale lønsforhandlingar 2013

Det vart gitt relativt små sentrale lønstillegg i mellomoppgjeret 2013. Dette vart også i stor grad styrande for dei lokale lønsforhandlingane i Samnanger kommune. Det vart i 2013 berre gjennomført lokale lønsforhandlingar for dei gruppene av tilsette som får heile løna/lønsutviklinga si fastsett lokalt i kommunen. Dette utgjer om lag 10% av dei tilsette i kommunen. Det vart ingen brot i forhandlingane.

Opplæring for tilsette

Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring på tvers av einingane i 2013. Unnateke frå dette er opplæring for nokre grupper av tilsette i skule/barnehage, der felles opplæringstiltak er organisert gjennom Midthordland skule- og barnehageregion. Det vert vist til einingane sine årsmeldingar for informasjon om kva opplæring som vart gjennomført der i 2013.

Bedriftshelseteneste

Samnanger kommune har avtale med Grend bedriftshelseteneste.

Kostnaden til kjøp av bedriftshelsetenester var om lag 116 000 kroner i 2013. Utgiftene gjeld både faste helsekontrollar for grupper av tilsette som etter lov/forskrift skal ha dette, samt andre tiltak som vert avtalt i årsplanen for samarbeidet med bedriftshelsetenesta. Det er framleis også ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor ein del område er små. Dette gjer at me er



spesielt sårbare når fagpersonar sluttar, samt at det kan vera vanskeleg å halda på yngre medarbeidarar med høgskule-/universitetsutdanning i enkelte einingar.

HMT

Samnanger har arbeidd ut eit system som skal hjelpa oss til å arbeida godt med helse, miljø og tryggleik (HMT). Mellom anna inneheld det rutinar og skjema for rapportering av avvik knytt til HMT for tilsette i kommunen. Rapporteringa av avvik skjer tenesteveg, men arbeidsmiljøutvalet får kopi av avviksmeldingane. I 2013 vart det registrert 10 HMT-avviksmeldingar. Meldingane gjekk på diverse forhold, mellom anna ein episode med trugande åtferd frå ein skuleelev, manglande bygningsvedlikehald, eit uhell med brøytebil som følgje av svært glatt føre og ei hending knytt til sprengingsarbeid på fylkesveg 48.

Det er i nokre tilfelle uklart for tilsette kva skjema som skal brukast for å rapportera ulike typar avvik. Eit døme på dette frå 2013 var ein tilfelle der ein skuleelev datt ned frå eit leikeapparat og slo seg. Dette vart rapportert på avviksskjemaet som gjeld HMT for tilsette i kommunen. Det er viktig at dei tilsette i einingane får informasjon om kva skjema som skal brukast for ulike typar hendingar.

Kommunen har også eit eige skjema der tilsette kan varsle om ”kritikkverdige forhold”. Også her skal rapporteringa normalt skje tenesteveg, men med kopi til kommunen si ”varslingsgruppe”. Det er ikkje nokon klar definisjon på kva som kan vera eit ”kritikkverdig forhold”, men eit døme kan vera dårleg fysisk eller psykisk arbeidsmiljø. I 2013 kom det inn til saman 4 varslingar om kritikkverdige forhold. Alle varslingane gjaldt i utgangspunktet same sak/same forhold, at to tilsette i kommunen føler seg mobba/trakassert.

Etikk

I fylgje § 48 i kommunelova skal det i årsmeldinga ” *redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.* ” Kap. 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde.

M.a. i pressa har det vore eit ekstra fokus på korrupsjon også i offentleg sektor. Kommunane gjer mange og store innkjøp, og lov om offentleg anskaffelser er meint å redusera faren for korrupsjon. Samnanger har vedteke retningslinjer som er strengare enn lovkrav når det gjeld når ein skal henta inn tilbod frå fleire tilbydarar. Ved mange høve vert nok regelverket rundt innkjøp opplevd som forseinkande og også fordyrande av mange av våre tilsette. Sjølv om dette kan vera tilfelle, er det ikkje akseptabelt med brot på dette regelverket. I organisasjonen vår er det nok behov for auka kompetanse og informasjon både om regelverket og også om dei avtalane som er gjort med leverandørar gjennom innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune.

Det er og laga retningslinjer i kommunen for utlysing av ledige stillingar som tilseier at alle stillingar, det vera seg faste stillingar eller vikariat skal lysast ut.

Samnanger kommune ynskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskjelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (t.d elevar). Mobbing er også eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.

Jubilantar

I 2013 var det 4 tilsette som vart takka for 25 år i kommunal teneste. Dette vart markert med ei tilstelling på kommunestyresalen.



Kommentarar til dei einskilde tenesteområda

Einingsleiarane sine årsmeldingar fylgjer i andre del av meldinga. I denne delen vil rådmannen nytta informasjon frå KOSTRA-statistikken til å vurdere kostnadsnivået og tenestene våre samanlikna med andre kommunar. Sjølv om kvaliteten på statistikken etter kvart har vorte bra, må me alltid vera merksame på at det kan vera feilkjelder t.d. pga. av ulik organisering av tenestene. Som hovudregel vert Samnanger samanlikna med KG 2 (små kommunar med middels god økonomi) og landsgjennomsnittet.

I tillegg vert det og gitt ein del generelle kommentarar til drifta. I den grad det ligg føre mål for tenesteområda vurderer me resultatata opp mot dei. Me peiker også på ein del utfordringar som Samnanger står føre.

I kommuneplanen er det gitt ei rekke mål; ikkje alle er like operative I tillegg til målformuleringane er det og i kommuneplanen lista opp kva me gjer/skal gjera for å nå måla.

Mykje er gjort sidan planen vart vedteken, men på nokre område har eit stykke igjen før me kan seia oss tilfredse. Styrande for arbeidet vårt er at me skal



***ha god kvalitet på tenestene og
gi god sørvis og rask sakshandsaming***

Sentralt i vurderinga om me har nådd desse måla er tenestemottakarane si oppfatning av kvalitet. Den systematiske måten å få informasjon om tenestemottakarane si oppfatning er gjennom brukarundersøkingar. I Samnanger skal det gjerast i partalsår, dvs. at det ikkje vart gjort i 2013. Ei annan måte er å laga eit system for registrering og rapportering av klage. Dette vert det arbeid med.

God kvalitet og sørvis er i seg sjølv omgrep som vert tolka ulikt. Det er derfor viktig for kommunen å ha skriftlege skildringar av kva kommunen tilbyr t.d. når ein brukar får tildelt ei bestemt teneste. Einingsleiar for interne tenester har teke ansvar for å publisert tenesteskildringar for dei fleste tenestene. Grunnlaget for dette er eit verktøy utarbeidd av Kommunalforlaget – nasjonal tenestekatalog. Den ansvarlege for den aktuelle tenesta skal fylgja opp med sørviserklæringar. Desse vert publisert på nettet. Mykje er gjort, men dette arbeidet har fått sitt konkrete mål for gjennomføring i 2014.



***ha god økonomistyring
bruka målretta styring
ha gode rutinar og gi god informasjon i samband med handsaming av saker
vera gode på interkommunalt samarbeid***

M.a. pga. store investeringar har kommunen ein stram økonomi. Det er bestemt at driftsutgiftene skal ned, og negative avvik i drifta som me ser i 2013 er det vanskeleg å handtera. Dette gjer det ekstra viktig å ha god økonomistyring. Kommunen har teke i bruk eit verktøy – betre styring – som skal hjelpa oss med styring og rapportering. Me er diverre ikkje kome så langt som ynskja i implementeringa, og skal me forsvare tidsbruken me nyttar på å leggja inn data i systemet må alle ta det i bruk.

Me opplevde også i 2013 at negative rekneskapsresultat for einskilde område kom overraskande på einingsleiarar. Me hadde og problem med å finne fram til rett kostnadsnivå for ungdomsskulen. Dette gir grunn til å spørja m.a. om me har riktig kompetanse i alle ledd evt. om me er rett organisert. Rådmannen har sett i gang eit arbeid for å sjå på heile organisasjonen, og m.a. ovannemnde spørsmål vil vera vesentleg del av diskusjonen.




***sikrar godt tilgjengelege tenester
vera gode på informasjon***

Samnanger kommune har som ei klar målsetting om å auka folketalet. Gode og tilgjengelege kommunale tenester er ein viktig føresetnad for å få det til. På fleire område ligg det vel til rette. Kommunen si satsing innan barnehage er eit godt døme på det.

Auka folketal krev innflytting. Når det ikkje skjer i stor nok grad, vert det peika på manglande marknadsføring. Det er ingen fasit på korleis marknadsføring skal skje, og her er det lett å ”svi av” mange pengar utan at det får effekt. Undersøkingar har vist at tilfeldige annonser i div. publikasjonar ikkje har effekt. I budsjettet for 2014 er det sett av ein mindre sum pengar til marknadsføring som er tenkt nytta til å få fram ein heilskapleg plan for området. Heimesida vår er viktig, og me vurderer stadig korleis me på best mogleg måte kan få fram informasjon her.

Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Dette området omfattar rådmannen inkl. pedagogisk konsulent og eining for interne tenester med økonomi, løn, fellestenesta, IKT og div. fellesutgifter. På mange av desse tenestene har dei minste kommunane smådriftsulemper. Det er og eit område der det er vanskelegast å samanlikna kommunane i mellom då det kan vera skilnader i korleis ein har organisert seg – flat struktur, sektororganisert osb.



Kommunen hadde ein kraftig vekst frå 2010 til 2011. Auken frå 2012 til 2013 er i tråd med auken i KG 2.

Næring m.m.

Ein av satsingsdråpane til kommunen er **Arbeid/næring – nyskaping og bygdeutvikling**. I fylgje delmåla i kommuneplanen skal Samnanger kommune



*ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid
nyttja næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling
ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet
leggja til rette for bygdeutvikling*

Samnanger har ikkje egne tilsette til å arbeida med næringsutvikling. Direkte kontakt med næringsdrivande eller potensielle næringsdrivande skjer i stor grad med ordførar. Til ein viss grad også med einingsleiar for teknisk – då hovudsakleg med førespurnad om ledige tomter og med rådmann. Landbrukskontoret er og viktige medspelar for næringsdrivande med tilknytning til landbruket. Elles er det fleire i organisasjonen som driv med næringsretta arbeid, m.a. gjennom planlegging

Reguleringsarbeidet for utviding av industriområdet i Rolvsvåg for å få næringsareal for sal har teke unødvendig lang tid. Då det kjem ein del førespurnader om næringsstomter, er det ekstra frustrerande. Planen er no vedteken og arbeidet med tilrettelegging av infrastruktur – vatn og veg opp i området er under arbeid. Me vel førebels å avventa vidare utvikling/tilrettelegging av området til me ser kva som er etterspurd. Dette går og på kapasitet og økonomi. Me ser og at nokre etterspør ”råtomt” med infrastruktur fram til området. Dette kan me i dag tilby.

Midlar frå fylkeskommunen til vidare utbygging av breiband i Samnanger

Noko det viktigaste kommunen kan gjera for næringslivet og for lokalsamfunnsutvikling er å få til god infrastruktur. Tradisjonelt har gode vegar vore sett på som svært avgjerande både for å få etablert arbeidsplassar men også for å få til tilflytting. God breibandsdekking er no for ein like viktig del av infrastrukturen.

Fylkeskommunen inviterte i mai 2013 kommunane i Hordaland til å søkja om midlar til utbygging av breiband i område der det ikkje er kommersielt interessant å byggja ut. Samnanger søkte om midlar til delfinansiering av breibandsutbygging i seks område i kommunen. Me fekk midlar til alle desse områda, til saman om lag 1,5 millionar kroner. Utbyggingane vil verta gjennomførte i 2014. Kommunen skal ikkje byggja ut sjølv, men gje tilskot til dei selskapa som byggjer ut. Det er inngått avtalar mellom kommunen og dei selskapa som skal byggja ut.

Områda som skal byggjast ut i 2014 er Frølandsdalen, Holmane, Li/Litangen//Oldervik/Oldervollen, Gaupholm, Øpstebø og Sævell.

Kommunen forsøker å stø opp under dei næringsdrivande som søker kommunen om hjelp. Gjennom medlemskap i Business Region Bergen (BRB) kan næringsdrivande få delta gratis eller mot ein mindre kostnad på eit eller fleire etablerarkurs. Ein føremøn å ha dette saman med BRB er at det vert gitt tilbod mange gonger i året, og ikkje som tidlegare ein gong i året då tilbodet vart gitt gjennom Bjørnefjorden Næringsutvikling (BNU). Diverre er det få om nokon frå Samnanger som har delteke på desse kursa. Kommunen må vera flinkare til å marknadsføra tilboda.



Samnanger kommune v. rådmannen har dei siste åra vore sekretær i BNU. Hovudjobben til BNU er å vera styret for regionalt næringsfond. Regionen har dei siste åra motteke årlege tilskot til vidare fordeling på knapt 650.000 kroner. Det er strenge krav til kva verksemdar/prosjekt som kan få midlar, regional verknad står sentralt, noko som gjer at det no står ein del pengar på ”bok”. Det er og få private næringsdrivande som søker om tilskot, og enda færre som fylgjer vilkåra. Kommunane har vorte prioritert med midlar, og Samnanger har m.a. fått pengar til tilrettelegging av industriområdet i Rolvsvåg og til Kraftsenteret. Det skal også brukast av desse midlane til å

laga ein felles næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger. Som sekretær for BNU møter rådmannen på regionleiar møte med Hordaland fylkeskommune.

Kommunalt næringsfond

Av fondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. I 2013 kom det inn ein søknad knytt til overtaking av landbrukseigedom og opprusting av den. Det vart gitt eit tilskot på kr 100.000. Utbetalinga skjer i 2014 evt. seinare. Det vart også betalt ut kr 30.000 i tilskot til Norsk Bane.

Alt fondet vert brukt til kan relaterast til næringsverksemd. Nokre tiltak er meir direkte næringsretta, andre er meir generelle. Av generelle tiltak er VA på Bjørkheim og delfinansiering av stilling på teknisk då det her vert jobba med næringsareal m.m-. Gjestebygga på Bjørkheim har også ein indirekte effekt for næringslivet først og fremst i området. Det er føresett at delar av summen på kr 100.000 skal tilbakeførast gitt at prosjektet får andre midlar.

Fondet vert også nytta til å betala medlemskapsavgift i næringsretta organisasjonar. Til saman vart det i 2013 brukt kr **53.788** på denne måten. Kommunen er medlem i Business Region Bergen, Bergensalliansen, Vest Norsk Brüsselkontor, Samnanger næringsforum og Interesseselskapet for Rv 7.



Det vart bestemt at prosjektet **Kraftsenteret** skulle fortsette også i 2013, og at det då skulle fokuserast på om det var mogleg å få til eit permanent senter og i tilfelle kva oppgåver som var aktuelle. Hordaland fylkeskommune var nok ein gong viljug til å yta midlar. Eit av områda som skulle sjåast på var etterbruk av bygga til BKK på Frøland. BKK ga også eit betydeleg tilskot til dette arbeidet. Prosjektleiar vart kjøpt av Norsk Energi.

Tema som har vorte vurderte er kurs, råd- og rettleiing, reiseliv – kraftsafari, ulike prosjekt knytt til opplæring – grunnskule, vidaregåande skule og høgskule-. På slutten av 2013 vart det konkludert med at det ikkje var mogleg å få til eit permanent kraftsenter. Det er laga ein eigen rapport om aktiviteten i kraftsenteret.

KYRKJA

Kyrjelova av 1996 gjorde kyrkja meir sjølvstendig, men lova legg framleis det økonomiske ansvaret på kommunane.


Kommunen sitt bidrag skal som eit minimum gje grunnlag for at det i kyrkjene kan haldast dei gudstenestene som biskopen fastset, at det blir tilbode dåp, konfirmasjon, vigsel, sjelesorg og gravferd, at arbeidsforholda for dei kyrkjeleg tilsette er tilfredsstillande, og at sokneråd og kyrkjeleg fellestråd har tilstrekkeleg administrativ hjelp. (KL § 15)

Samnanger kommune løyver vesentleg meir til kyrkja enn landsgjennomsnittet og snittet for KG 2. Dette ser me både att i %-delen som går til kyrkjeleg føremål og når me vurderer midlane målt



pr innbyggjar. Løyvingane var større i 2011 og 2012 enn i 2013. Det vart då gjennomført fleire store og halvstore vedlikehaldsoppgåver. I 2013 er det ikkje gitt midlar til investeringar.

	Samnanger	KG 2	Landet
Netto driftsutgift. funksjon 390, 393 i % av samla netto driftsutgifter	1,7	1,4	1,0
Brutto investeringsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbyggjar	-	134	173



Stell av kyrkjegarden utgjer ein vesentleg kostnad. Sjølv om ansvaret for det praktiske er lagt til teknisk eining vert utgiftene rapportert i KOSTRA på ein funksjon som vert summert opp for kyrkja.

Tabellen under viser at det er stor aktivitet i kyrkja. Kyrkja lager også eiga årsmelding.

	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
Medlem av Dnk i prosent av tal innbyggjarar	87,8	85	78,4	74,9
Døypte i prosent av tal fødte	71,9	91,2	66,1	60,6
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	71,1	79,1	71,5	63,5
Kyrkjelege gravferder i prosent av tal døde	95,2	96,7	90,3	88,5
Kyrkjelige handlinger pr. 1000 medlem	35,1	38,2	32,8	31,9
Deltaking gudstjenester søn- og helligdag pr. innb.	1,2	1,4	1	0,9
Gudstenester pr. 1000 innb	25	21,2	12,5	12,5
Konsertar og kulturarrangement pr. 1000 innb	4,5	2,9	2,5	2,4
Deltakarar konsertar og kulturarrangement per innb.	0,3	0,3	0,3	0,3
Kyrkjeofringar pr. medlem	174	106	73	80
Del av kyrkjeofringar til eiga verksemd	56,4
Medlemmer i trus- og livssynssamfunn i % av tal innb	4,7	5,4	8,3	10,7

TEKNISKE TENESTER



Teknisk eining er ikkje eit omgrep i offentleg statistikk. Informasjonen er delt opp på mange ulike funksjonar, og det ligg derfor ikkje føre tal som gjer at me kan sjå på heile eininga under eitt i samanlikninga med andre.

Plan- byggje- og delesaker, kart og oppmåling og naturforvaltning

Det er eit område der det nok er ulik i praksis mellom kommunane korleis utgifter vert førte. Det er dermed ikkje lett å samanlikna informasjon. For vår eigen del har det og vore variasjonar på korleis me har plassert kostnaden mellom dei ulike funksjonane frå eit år til eit anna. Til tross for desse manglane vil me presentera ein del av den statistikken som ligg føre.

Me bruker samla på dette området dobbelt så mykje som landsgjennomsnittet og også som KG 2 når me ser på netto kostnad. Me har arbeidd mykje med å få på plass eit gebyrregulativet som samsvarer med kostnadene våre. Me meiner at me no ligg på sjølvkost for dei fleste tenestene, men at det er avdekkta litt ”feilprising” som er korrigert. Den høge kostnaden samanlikna med andre kan skuldast at Samnanger har hatt under arbeid fleire store kommunale planar (kystsoneplan, områdeplan og planprogram arealplan). Utgiftene her må sjølv sagt kommunen ta for eiga rekning.

I statistikken på dette området er det innført eit nytt omgrep – ”årsinnbyggjar”. Dette er gjort fordi det er mange fleire enn innbyggjarane som nytter desse tenestene. I 2013 er tal årsinnbyggjar i Samnanger 4386. Tal innbyggjarar treng uansett ikkje vera den beste måten å vurdere kostnader på. Kommunar med stabilt folketal og liten utbyggingsaktivitet vil t.d. har langt færre saker enn kommunar med høg byggeaktivitet.


<i>Korrigerede brutto driftsutgifter til</i>	Samnanger			KG 2	Landet
	2011	2012	2013		
Plansakshandsaming pr. årsinnb	651	454	474	146	200
Byggje- og delingssaker pr. årsinnb	197	186	198	161	84
Kart og oppmåling pr årsinnb.	149	242	151	149	162

Det er eit mål for oss å ha **god og rask sakshandsaming**. Statistikken viser stort sett ei forbetring i 2013 samanlikna med 2012, men me kjem dårlegare ut både samanlikna med 2012 og med dei andre når det gjeld ”kurante” byggjesaker. Tabellen viser at når me ser på alle type tiltak er det relativt sett få søknader i Samnanger.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid dagar	Samnanger	Samnanger	KG 2	Landet
	2013	2012	2012/13	2012/13
byggesaker med 12 vekers frist	21	45	33	38
byggesaker med 3 vekers frist	30	25	17	19
saksbehandlingstid, oppmålingsforretning	70	95	69	66
Tal søknader om tiltak uten ansvarsrett pr 10 000 årsinnb	48	98	67	53
Oversikt over				
Tal søknader om tiltak per 10 000 årsinnb	84	239	167	146
Tal utstedte målebrev r per 1000 eigedomar	9	10	12	9

På dette området har me hatt tidlegare hatt for dårleg inntening. Det har vore arbeid med gebyrregulativet over fleire år, og det har blitt føreteke mindre endringar etter som me har gjort erfaringar om tidsbruken til bestemte tenester. Det er m.a. føreteke korrigeringar i byggjesaksgebyret slik at prisen i 2014 er kr 10.000 mot kr 15.000 i 2013. Jmf. grafen ved sidan av.


Til tross for at mange meinte at auken i gebyra våre kanskje var i overkant av det dei burde vera, ser me at Samnanger fortsett ligg lågt i høve til landet, men på linje med KG 2 då med unntak av byggesak einebustad i 2013.



Samferdsel

Utfordringane er mange innan dette området, og me føler heile tida at me burde brukt vesentleg meir midlar her. Statistikken viser at Samnanger prioriterer dette området høgare enn dei andre. 2012 var eit særskild år då det vart brukt ekstraordinære midlar frå kompensasjonsmidlar Sima- Samnanger.

Samnanger har ei oppfatning om at me har store utgifter til veglys. Statistikken viser imidlertid at kostnad pr. lyspunkt er langt lågare hjå oss enn hjå dei andre. På dette området er det varsla krav om utskifting til lampar som bruker mindre energi. Dette arbeidet vil kosta mykje, og Samnanger har ikkje starta på det. Det er og vanskeleg å lesa ut av statistikken at me har fleire lyspunkt enn dei andre.



	Samnanger	KG 2	Landet
Netto driftsutgifter i kr pr km veg	132 318	71 693	99 780
Kostnad i kr til veglys pr km kom. Veg	6 333	13 784	18 695
Kostnader i kr til veglys pr. lyspunkt kommunal veg	356	619	686
Kostnader i kr til veglys på statlege og fylkeskom. vegar som kommunen betaler for	478	679	716



Vatn og avlaup

Utgiftene på desse to tenestene skal i utgangspunktet dekkjast av abonnentane. M.a. pga uføresette hendingar kan det vera variasjonar i kostnadene frå eit år til neste. Det er då høve til å setta av evt. overskot til seinare bruk. I 2013 har me eit overskot på

vatn som me har vald å ikkje sette av til seinare bruk. Dette grunnjev me med at det over fleire år har vore underdekking på vassområdet.

Vassavgifta i Samnanger er blant dei høgste i landet. Me ligg på det doble av landsgjennomsnittet. Grunnen til dette finn me i høge kapitalutgifter, men me ser at me også har høgare driftsutgifter pr. innbyggjar som får kommunalt vatn. Kloakkavgifta vår ligg langt lågare enn dei andre. Her har me store utfordringar som nok vil føra til auka avgift. Ei utfordring for oss er m.a. lange leidningar og få abonnentar.

	Samnanger	KG 2	Landet
Vatn			
Sjølvkostgrad	105	96	97
Vatn årsgebyr	7034	3392	3016
Driftsutg. pr tilknytta innbyggjar	1327		887
Andel innb som er tilknytta komm. Vassforsyning	58,8		84,5
Avløp			
Sjølvkostgrad	100	101	102
Avløp årsgebyr	2337	3606	3380
Driftsutg. pr tilknytta innbyggjar	915		1027
Andel innb som er tilknytta komm. avløp	44,6		84,2

Renovasjon.

Det er det interkommunale selskapet BIR som står for renovasjonsordninga i Samnanger. Gebyret har lagt så godt som fast dei siste åra, sjølv om det skjer nye aktivitetar. Statistikken som ligg føre tilseier at dagens ordning er god for innbyggjarane i Samnanger. Det vert elles vist til årsmeldinga frå BIR.

	Samnanger	KG 2	Landet
Hushaldningsavfall levert til materialgjennvinning og biologisk gjenvinning. Kilo pr innbyggjar	108	146	156
Farleg avfall frå hushaldningane levert mottak. Kilo pr. innb	83	81	83
Gebyr hushald	1 982	2 288	2 474

Brann- og ulukkesvern

Samnanger kommune bruker etter måten mykje midlar på dette området. Dette skuldast hovudsakleg høge utgifter til beredskap.


Det er innført behovsprøvd **feing og tilsyn**. Det tilseier at pipene som hovudregel skal feiast anna kvart år og det skal utførast tilsyn kvart 4.de år. Gebyret er rekna ut frå dette. For å forenkla systemet vert det kravd inn same gebyret kvart år, dvs. samla forventna kostnad for 4 år vert lagt til grunn for fastsetting av det årlege gebyret. Det er inngått avtale med Vestnorske feiartenester om feing og tilsyn av bustader. Oversikten viser at vel 1/3 av pipene vart feia i 2013.



Me har omsider kome på riktig nivå på gebyret for feiing og tilsyn. I 2013 var det eit lite overskot.

	Samnanger	KG 2	Landet
Antall piper pr. innbygger	0,37	0,45	0,33
Årsgebyr for feiing og tilsyn (gjelder apporteringsåret +1)	407	418	400
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger	-4	27	48
Andel piper feiet	35,4	44,3	41,9

Samnanger har høge utgifter til **brannvern** samanlikna med andre, og det ser berre ut til å auka. Det er ei utfordring å få redusert desse kostnadene. Frå 2014 er det inngått samarbeid med Bergen kommune som tilseier at brannsjefen i Bergen også er brannsjef i Samnanger. I dette samarbeidet ligg og ansvar for det førebyggjande arbeidet og for tilsyn med særskilde objekt. I første omgang vil kostnadene våre auke, men venteleg vil også kvaliteten auka.



Brannsjefen slutta sommaren 2013. Sjølv om det var vikar inne vart ikkje tilsyn med særskilde objekt prioritert, noko som viser att i statistikken. Samnanger ligg høgt på tal bygningsbrannar. Me er usikre på om tala er rett rapport. Dette må sjåast nærare på og om så er tilfelle, bør førebyggjande arbeid ha større fokus.

	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
%- del A-objekt som har fått tilsyn	47,4	76,2	77,7	83,9
Tal bygningsbrannar pr. 1000 innbyggjare	3,3	1,3	0,9	0,8

Brannbefelet er også involvert i drift av førstehjelpsbilen. Utgiftene vert ført på eining for sosial og helse.



Eigedomsforvaltning

Samnanger brukte i 2013 kr 4.427 til eigedomsforvaltning pr. innbyggjar. Tala for KG 2 var på kr 4.827 og for landsgjennomsnittet kr 4.617. Me har brutto investeringsutgifter pr. innbyggjar på knapt 12.000 kroner mot landsgjennomsnittet på kr 3.106. Tala seier imidlertid lite sidan kommunane sin

eigedomsmasse varierer både med tanke på at nokre kommunar leiger framfor å eiga og alderen på bygningane. Dette kan me lesa ut av tabellen under. Det er særleg på to – tre område det er stor variasjon. Det gjeld først og fremst barnehage, men og kulturbygg og kommunehus.

	Samnanger	KG 2	Landet
Korrigerede brutto driftsutgifter pr. m ²			
kommunale eigedomar	817	524	815
administrasjonslokale	168	416	302
skulelokale	910	630	823
førskulelokale	843	785	1206
institusjonslokale	659	493	727


Samnanger har i klima- og energiplan sett seg som mål

å vera føregangskommune på energi

Ein del av vedlikehaldsarbeidet er retta inn mot dette – skifting av utette vindauge t.d., men me ser det mest tydeleg i investeringsprosjekta. Samnanger barneskule er bygd etter standard for passiv hus, og sjølv om det både var utfordrande å byggja og krev ekstra merksemd å drifta er dette viktige tiltak for å nå kommunen sitt mål. Det har vore nokre innkjøringsproblem, men venteleg lar dette seg løysa.

Ved nybygging har det vore fokus på å finna miljømessige gode løysingar.

Barneskulen og helsetunet er bygd ut frå slike prinsipp. I tabellen under er t.d. dei to skulane slått saman, og som me veit er ungdomsskulen sjølv med nye vindauge ikkje det mest energieffektive bygget. Svømmebassenget er sjølvsagt med å trekkje energibruken opp her. Pris på krafta har og sjølvsagt stor betydning for korleis ein kjem ut i desse samanlikningane. Straumprisane var låge i 2013.




	Samnanger	Gruppe 2	Landet*
Samla areal i m2 mål etter			
Barn 1 – 5 år	17,2	12,4	5,1
skulelokale pr.elev	22,4	28,7	17,0
institusjonsbygg pr. innb over 80 år	17,5	38,4	21,2
Areal idrettsbygg pr. innbyggjar	0,2	1,0	0,5
Administrasjonsbygg pr. innbyggjar	0,7	0,8	0,6
Energikostnader pr m2			
førskulelokale	64	82	132
Skulelokale	84	86	101
institusjonsbygg	131	105	130
idrettsbygg	66	39	102
administrasjonslokale	71	61	69



PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE

Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen - også tenester til funksjonshemma. Det har vore ein markant nedgang i pleie- omsorgstenesta sin andel av netto driftsbudsjett dei siste åra. Dette gjeld for heile landet, m.a. fordi endra finansiering av barnehagen gjorde at denne sektoren sin %-del gjekk vesentleg opp.




Samnanger har ei litt eldre befolkning enn gjennomsnittet. Det er med å forklarar kvifor me bruker meir midlar på området. I tillegg har me hatt ei sjukeheimstetning som har vore over landgjennomsnittet. Både for å førebu utflytting frå sjukeheimen i samband med riving og bygging og for å oppfylla kravet om einsengsrom, er tal sjukeheimsplassar vorte redusert dei siste åra. F.t. har ein vore nødt til å auka opp att talet pga. stor pågang. Ikkje minst har samhandlingsreforma ført til auka press på korttidsplassar.

Tal personar i ulike aldersgrupper pr. 1.1.

	2005	2010	2012	2013	2014	Endring 2005 - 2014
70-74 år	86	47	73	80	95	9
75-79 år	85	78	72	63	47	-38
80-84 år	78	65	60	62	72	-6
85-89 år	52	48	49	52	45	-7
90 år og eldre	20	29	34	31	35	15
Sum over 70 år	321	267	288	288	294	-27
Sum over 80 år	150	142	143	145	152	2

Samnanger har ein større del av befolkninga over 80 år enn KG 2 og ein litt mindre andel for dei mellom 67 og 80 år, men me ligg over landet for begge desse aldersgruppene. Me har høgare netto kostnader pr. innbyggjar enn KG 2 både målt pr innbyggjar over 80 år og pr. innbyggjar 67 – 79 år. Grafen viser også at for landet sett under eitt er det høge og høgare kostnader til pleie og omsorg enn Samnanger målt pr. innbyggjar over 80 år.




Til tross for reduksjon i tal sjuheimplassar, har ressursbruken vår auka her. Pga. organiseringa vår med felles turnus for inne og utetenestne kan det liggja ein del feilføringar som påverkar %-fordelinga.

%-del av midlane i plo på ulike føremål

	Samnanger			KG 2	Landet
	2011	2012	2013	2013	2013
sjukeheim	52	53	59	47	46
heimeteneste	41	43	35	49	49
aktivisering	6	4	5,8	3,7	5,4

Brutto driftsutgifter seier noko om produktivitet. Avgjerande for resultatet er både det nivået på tenestene som kommunen har vald, men også kva behov brukarane har. For små kommunar vil ein brukar med omfattande hjelpebehov gjera store utslag noko som er situasjonen for sjukeheimskostnaden vår i 2013.

Statistikken viser at ressursbruken vårt fordelt pr. brukar ligg ein god del over gjennomsnittet. Me vil gå inn på dei ulike områda for å sjå på kva som kan vera årsaka til dette.



Sjukeheim

For 2013 ligg Samnanger på nivå med landsgjennomsnittet i sjukeheimsdekking. Reduksjonen skuldast først og fremst at ein har teke på alvor retten for bebuarane til å bu åleine på rommet. Det kan nok likevel skjedd at det i periodar har vore brukt fleire plassar. Samhandlingsreforma med raskare utskrivning av pasientar har auka behovet for korttidsplassar og evna til å ta imot pasientar raskare.

Med aukande demensproblematikk er det viktig for oss å ha sett av øyremerkja plassar til denne gruppa. Her ligg me over gjennomsnittet. Som tabellen under viser ligg me på gjennomsnittet i dekking i høve til aldersgruppene.


Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Plassar i % av innb 80 år og over	17,8	20,4	18,9
Andel av innb. over 67 år på institusjon	5,4	6,2	5,5
Andel av innb. over 80 på institusjon	13,8	14,8	13,8
Andel av plassar til korttid	11,1	17,7	18,0
Andel plassar i skjerma plassar demens	22,2	17,7	18,0

Samnanger har om lag dei same brutto driftsutgifter pr sjukeheimplass som landsgjennomsnittet – **kr 990.000**, KG 2 ligg 90.000 kroner lågare pr plass. Kostnaden vår til tilsynslegen og fysioterapeuten er ført på helsebudsjettet og ikkje på sjukeheimen. Her er det varierende praksis.. Brukarbetalinga i høve til korrigerede brutto driftsutgifter er lågare i Samnanger (11,2%) samanlikna med landsgjennomsnittet (15,1%). I gjennomsnitt betalte ein bebuar vel 100.000 kroner pr. plass i 2013.

Pleie og omsorg - kvalitet	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
Legetimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,40	0,9	0,52	0,46
Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,21	0,33	0,39	0,38


Heimetenestene

Heimetenestene omfattar både tilbod til eldre – heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen- men også tenester til dei funksjonshemma som vert gitt i bufellesskapa. Samnanger gir heimetenester til færre enn gjennomsnittet. I 2013 mottok 3,5% av innbyggjarane heimetenester mot 5 % av landsgjennomsnittet. Avviket gjeld først og fremst for innbyggjar under 80 år.



Det har vore ein auke i tal mottakarar av heimetenester hjå dei eldste innbyggjarane. Det er ikkje opplagt kva verknad det å ha få yngre brukarar av heimetenestene får for kostnaden. T.d. kan dei yngre heimebuande brukarane krevja meir tenester enn eldre brukarar. Men det kan også tenkjast at det er motsette. Samnanger har ein større del av brukarane med omfattande tenestebehov. Gjennomsnittleg tildelte timar var i 2013 38 % høgare i Samnanger enn for landet sett under eit. Differansen er størst i heimesjukepleietilbodet. Det er mogleg ein må sjå nærare på om dette er rett ressursbruk.

	Samnanger	KG 2	Landet
%-del av brukarane med omfattande hjelpebehov	28,3	22,8	24
Gjennomsnittlig tildelte timer pr veke, praktisk hjelp	9,3	7,2	8,3
Gjennomsnittlig tildelte timer pr veke, heimesjukepleie	11,1	4,6	4,6
Gjennomsnittlig tildelte timer i uken.	13,8	8,6	10



Sjølv om det ikkje har så stor innverknad for kostnaden, så skal det og nemnast at eigenbetalinga dekkjer ein langt mindre del av kostnaden i Samnanger (0,8% av korrigerte brutto driftsutgifter) enn for landsgjennomsnittet og KG 2 (1,4%).

Tenester til funksjonshemma

Samnanger har dei siste åra motteke tilskot til ressurskrevjande brukarar på vel 1,5 mill. kroner. Samla netto kostnad for kommunen til dette tenestene er i 2013 ca 10,7 mill. kroner. Det er ein stor auke frå 2012. Auken har kome på fleire område

	2 010	2 011	2 012	2 013
Netto utgifter	6020789	9088848	9384713	10666652

	2012	2013
Bukollektiv	7159600	7626396
Arbeid	527747	608539
Dagtilbod	1630869	2411609
Ferietilbod	66496	20108

Me kjøper alle tenestene til avlastning for funksjonshemma. Det skjer både hjå andre kommunar (Kvam) og hjå private avlastningsheimar og institusjonar/verksemder.

Aktivisering av eldre

Dagsenter er ikkje ei lovpålagt teneste. Me tilbyr i dag dagsentertilbod til heimebuande eldre ein, evt. to dagar i veka. Fleire friviljuge medarbeidarar arbeider saman med fast tilsett personale. Brukarane vert henta i heimen og køyrd til Samnangerheimen der tilbodet vert gitt på daglegstova. Mange eldre bur åleine, og med dagtilbodet får dei moglegheit til å koma saman med andre. Dette tilbodet har stått i fokus i planlegging av ny sjukeheim, der det er avsett eit stort areal til denne funksjonen.

Statistikken er laga slik at me ikkje får ut tal berre for aktivisering av eldre. Me har derfor lite grunnlag for å seia noko om ressursbruken vår samanlikna med andre. I 2013 brukte me ein god del meir enn dei andre. Ca. 1/4-del av våre utgifter gjekk til aktivisering av eldre.

Netto driftsutgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma pr. innbyggjar over 18 år

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
2011	1.626	868	973
2012	1.080	929	1.025
2013	1.552	883	1.048




SOSIAL OG HELSE

Innan denne eininga kjem det ofte uføresette hendingar som har økonomiske konsekvensar. Det kan gjera det vanskeleg å budsjettera rett, særleg gjeld dette for økonomisk sosialhjelp og barnevern. Det er ein del økonomiske avvik innan eininga. Desse er gjort greie for i årsmeldinga for eininga.

Sosialtenesta – NAV Samnanger

Både for å halda kostnaden nede men ikkje minst for å gje brukarane av økonomisk sosialhjelp moglegheit til å koma seg over på andre ordningar og då helst i inntektsgjevande arbeid er det viktig å ha tilstrekkeleg og kompetent personale. Me har 0,9 årsverk pr. 1.000 innbyggjarar. I KG2 er talet 0,73 og på landsbasis

1,15. 2,0 % av innbyggjarane våre mottok sosialhjelp mot 2,3% i KG 2 og 2,5 i landet sett under eitt. Til tross for dette har me driftsutgifter til tenesta som ligg over KG 2, noko som delvis kan forklarast med at ein større del av brukarane våre har økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde.



	Samnanger	KG 2	Landet
Brutto driftsutg. pr. sosialhjelpsmottakarar i kr	67 184	65 303	91 872
Brutto driftsutg. til økonomisk sosialhjelp pr mottakar i kr	29 878	26 274	39 849
Andel mottakarar med øk. sosialhjelp som hovudinntektskj	42,9	35,1	46,3

Det er lagt ned mykje godt arbeid dei siste åra for å nå målet om å finna fram til rette type tiltak, det vera seg andre trygdeordningar eller arbeidsmarknadstiltak for denne gruppa. I 2013 har me berre delvis nådd målet. Det er ikkje fleire personar som mottok sosialhjelp, men gjennomsnittleg stønadslengd har auka. Til tross for at det er færre av mottakarane har sosialhjelp som hovudinntektskjelde er utbetalingane pr. mottakar auka med 5.000 kroner i gjennomsnitt. I 2011 var det 55 % i av mottakarane som hadde dette som hovudsinntektskjelde mot 42,9 i 2013.



Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2009	2010	2011	2012	2013
Totalt	52	64	58	49	49
Meir enn 6 mnd.	20	27	18	14	20
Gjennomsnittleg stønadslengd 18 -24 år	6,8	5,9	4,5	4,3	7,6
Gjennomsnittleg stønadslengd 25 – 66 år	4,7	5,0	4,5	4,8	5,0

Barnevern

I mindre kommunar kan det vera store variasjonar i utgiftene til barnevern mellom kommunar og over tid sidan økonomisk kostnader knytt til ein-skildsaker kan vera store. Det har vore svingingar i ressursbruken vår, men me ligg i snitt på det jamne, men utgiftene i 2013 er høge.

Samnanger har, med unntak av i 2012 brukt større del av budsjettet på tiltak i familien enn utanføre samanlikna med dei andre.



Samnanger har etter måten høge og aukande kostnader pr. barn utanføre opphavleg familie. Dette kan skuldast at barna har bruk for omfattande hjelpetilbod. Evt. ekstra utgifter til skule vert ført som utgift på skulebudsjettet. Ein er noko spørjande til oppgitt tal for landsgjennomsnittet på bruken pr. barn utanføre opphavleg familie. I 2012 var utgiftene oppgitt å vera kr 319 502.


Oversikt over brutto driftsutgifter i kr pr. barn i barnevernet

	Samnanger			Landet 2013
	2011	2012	2013	
Pr barn med tiltak	51 088	42 838	63 625	42.983
Pr barn i opphavleg familie	28.368	63.154	119 444	40 857
Pr barn utanfor opphavleg familie	283.857	257.000	312 231	140 310

Det er ikkje tal for KG 2 etter 2011.

Sidan 2009 har Samnanger har stort sett lagt på landsgjennomsnittet når me ser på andel barn med undersøking og tiltak. I 2013 er talet gått noko ned. Om dette skuldast uroa rundt barnevernet eller ikkje har me ikkje grunnlag for å meina noko om. Det vart sett i gang 13 nye undersøkingar i 2013 medan det i snitt har lagt på rundt 20.

Sidan fylkesmannen ga Samnanger midlar til å auka tal tilsette i barnevernet, har kommunen hatt god




bemanning. I 2013 har me 4,5 årsverk pr 1.000 barn, medan KG 2 har 3.7 og landsgjennomsnittet ligg på 3.9. Sjølv om me har ein del særlege utfordringar knytt til m.a. innvandrargruppene, skulle det tilseia at det er mogleg å jobba med førebygging.

Helsetenester

Samnanger brukte i 2013 5,7 % av netto driftsutgifter til helse. KG 2 brukte 5,1 % og landsgjennomsnittet var på 4,2 %. Også på dette området vil dei minste kommunane måtte bruka meir enn større kommunar for å ha eit tilfredsstillande tenestetilbod. Samanlikna med KG 2 bruker me 600 kroner meir pr. innbyggjar.


Det er innan diagnose, behandling og rehabilitering – dvs. legetenester, fysioterapi og førstehjelpsbil me bruker meir enn dei andre. Svært få andre kommunar har teke på seg den type drift av ”reservesjukebil” som Samnanger har gjort. I 2013 er det utgiftsført kr 635.000 til førstehjelpsbilen, eller ca 260 kr pr innbyggjar. Mesteparten av utgiftene er til beredskap, og det er derfor relativt lite å spara på å ha ei meir restriktiv haldning til når bilen skal rykka ut.



Fastlegane sine lister med pasientar er om lag på det halve av gjennomsnittet for landet. Det viser

at det er god kapasitet på legekontoret, men det må også forklarast med at me har legar i ”deltidsstillingar”.

M.a. helsesøster har peika på at det er behov for meir ressursar til deira verksemd. Statistikken viser at me bruker mindre pengar på dette området enn dei andre. Bilete er noko ansleis når me ser på produktivet. M.a. er det gjennomført helseundersøking for alle ved 4-års alder. Dette er svært bra. Men resultatet er dårlegare for dei nyfødte, noko som må sjekkast opp i.



	Samnanger	KG 2	Landet
Legeårsverk pr 10.000 innb	11,1	12,7	10,1
Fysioterapiårsverk pr. 10000 innb	8,2	9,9	8,9
Gj.snittleg listelengde fastlege korrigert for kommunale timer	528	1050	1272
Andel nyfødte med heimebesøk innan 2 veke etter heimkomst	75	88	79
Andel spedbarn med fullført helseundersøking innan utg av 8. leveveke	62	99	95
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3års alder	114	98	94
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	100	95	92
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1 klasse	84	101	93


Nøkkeltal for Barnehagar



Ansvarsområde

Barnehagane har ansvar for drift av pedagogisk tilbod til barn i førskulealder. Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jfr lov for barnehagar og forskrifta - Rammeplan for barnehagar. Samnanger kommune har to kommunale barnehagar og gjev driftstilskot til ein privat barnehage.

Prognose barn i førskulealder (1-5 år)



Tala i prognosen er uttrekk frå SSB sine tal for befolkningsvekst frå 2013 fram til 2030. Her er lagt inn ulike vekstprognosar. I 2013 var det 153 barn i alderen 1-5 år i Samnanger. Ser vi tilbake på tidlegare prognosar er det no færre barn i denne aldersgruppa enn det som prognosane gav for ein låg framskrivingsvekst. Samnanger kommune har kapasitet til å gje om lag 200 barn i aldersgruppa 1-5 år eit barnehagetilbod. Dei kommunale barnehagane vil derfor tåle ein relativ stor befolkningsvekst dei næraste åra.


Brukarar

Vassloppa barnehage kan auka opp med ein ny avdeling ved komande barnehageopptak. Talet på pedagogar må då aukast tilsvarande. Barnehagen har og areal til ytterlegare utviding ved behov. Samnanger har vedteke å følgje norm om 9 barn under tre år pr pedagog og 18 barn over 3 år. Gardsbarnehagen har godkjenning for 32 korrigererte 3-5 års plassar. Barnehagen har ikkje areal til utviding.

Årsmelding, BASIL pr 15.12.13	Dråpslottet bhg	Vassloppa bhg	Ådland gardsbhg	Totalt
Tal barn <3 år	21	19	1	41
Tal barn >3 år	29	29	30	88
Total plassar	50	48	31	129
Totalt korrigert Opphold pr uke	47,2	45,7	27,9	120,8
Godkjent leikeareal m ²	405 m ²	753 m ²	174 m ²	1379 m ²
Godkjente plassar heile plassar	58	100	32	190
Ledige plassar	8	33	0	41

Andel barn med barnehageplass

Barnehagane har gjeve tilbud til alle som har søkt om plass. Barnehagane har eit hovudopptak i august og fortløpande opptak gjennom året. Om lag 3 barn nyttar tilbud i andre kommunar. Samnanger kommune må og gje tilskot til desse barnehagane.




Årsverk


Årsmelding pr 15.12.13	Kommunal barnehage	Privat barnehage	Totalt
Styrar	2,6	0,4	3,0
Pedagogisk leiar	8,9	2,05	10,95
Assistentar	19,3	3,0	22,3
Adm/merkantilt	0	0	0
Assistent styrka	0	0	0
Anna personale	0	0	0
Sum	30,8	5,45	36,25
Adel pedagog u. godkjent utd.	0	0,45	0,45

I tillegg til årsverka ovanfor utøver ein 25% styrka tiltak/logoped i alle barnehagane. Den private barnehagen slit med å få rekruttert førskulelærar, og hadde dispensasjon i 2013.


Nøkkeltal



Samnanger har hatt ein relativ høg prioritering av barnehagesektoren dei siste åra med utbygging av sektoren, utan at det har skjedd ein vesentleg auke i aldersgruppa. Barnehagesektoren utgjør 14,2% av kommunen sine netto totalutgifter. Samnanger brukte kr. 138.745 på barnehage pr innbyggjar i alderen 1-5 år, medan kommunegruppe 2 (KG2) var lågast med kr. 116.218. Endringar i barnetalet i denne aldersgruppa er med å påvirke fordelinga av nettoutgiftene. Samnanger si satsing på utbygging av barnehagane viser att i fordelinga av utgiftene. 11,2 % av utgiftene er til lokale.




Dei kommunale barnehagane har 4,8 barn pr. årsverk, medan den private barnehagen har 6,2 barn. Dei kommunale barnehagane fekk ikkje fylt opp avdelingane sine i 2013. Reduksjon i bemanninga vart tilpassa barnetalet gjennom året. Samnanger har ei utgift på kr. 52 pr. opphaldstime til kommunale barnehagar og gjev eit tilskot på kr. 50 pr opphaldstime til den private barnehagen.



Styrka tilbod

I 2013 hadde 7% av førskulebarna styrka tiltak i barnehagen. Kommunen har og ein ekstraressurs i dei kommunale barnehagane knytt til førebyggjande og generell språkopplæring.



Utviklingsmål og strategi for barnehagane i Samnanger

Lokal målsetting for kommunale barnehagar



Delmål – Utviklings- og læringsmiljø 2013-2015

- Barna og dei vaksne i barnehagen skal arbeida for å skapa ein god kvardag for alle involverte.

Strategi 2013; Barnehagane har laga eigen plan for sosial kompetanse. Barnehagane har fysisk aktivitet for alle dagleg, med godt tilrettelagde ute- / leikemiljø. Jf *Strategi for oppvekst og læringsmiljø – SOL i Samnanger (2012)*.

I 2013 deltok heile personalet i kompetanseutviklingsprogrammet: ”De Utrolig Årene”

- Tilsyn frå kommunenivå på fokusområde i alle barnehagane sine prioriterte satsingsområde.

Strategi 2013; Kommunen gjennomførte tilsyn med alle barnehagane i Samnanger.

Tilsynet var på Barnehagen sitt innhald og rammeføresetnader, og vart gjennomført av barnehageadministrasjonen i lag med ekstern barnehagefagleg kompetanse frå Midthordland kompetanseregion.

Det vart ikkje funnen avvik i nokon av barnehagane.

Kommunale barnehagar har følgjande fokusområde i 2012-2015

1. Kommunikasjon, språk og tekst

Mål: Satse spesielt på å gje barn tidleg kjennskap og positiv erfaring med tekst, bøker og skriveverktøy.

Resultatmål som er gjennomført i 2013: Tidleg innsats for å utvikla språk, tekst og kommunikasjon gjennom LESELØFTET, Språkleken Bravo og Snakkepakken er nytta.

Samarbeid med bibliotek /utlån av bøker i barnehagen er svært populært og positivt.

2. Kropp helse og rørsle.

Mål: Alle barn skal få varierte erfaringar som stimulerer til fysisk aktivitet og helse.

Resultatmål som er gjennomført i 2013: Sunt og variert kosthald og bevisstheit omkring dette i alle daglege måltid. Presentasjon av ulike smaksopplevingar, Fiskesprellprogrammet og variert

fysisk aktivitet i barnehagen og nærområdet. Språkleiken Bravo og utvikla språket gjennom fysisk aktivitet og motorisk leik.



3. Digitale verkty i barnehagen

Mål: Alle barn skal få erfaring med digitalt verkty.

Resultatmål som er gjennomført i 2013: Barnehagane nytta dagleg digitale informasjonstavler til å kommunisera og informera foreldra . Brukar digitale verkty, som Ipad og pc i lag med barna i utviklinga av barna sitt språk, tekst, kommunikasjon og bilde. Personalet har kompetanse til å bruka digitale verktøy.

4. Sosial kompetanse

Mål: Fokus på barnehagen sitt verdigrunnlag. Alle skal oppleve vennskap og verta inkludert

Resultatmål som er gjennomført i 2013: Sosial kompetanse vert vist igjen i vennskap, leik og glede. Personalet har gjennomført utviklingsprogrammet, DUÅ - ”De utrolige årene”

Fellesutgifter barnehagane

Til forvaltninga av barnehagesektoren er det utgifter som ikkje høyrer under den einsskilde barnehage. Dette gjeld:

- Kommunalt driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot til barnehagar i andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger
- Barnehageadministrasjon, PPT og kompetansemidlar til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar
- Styrka tiltak i barnehagesektoren
- Tilsyn

Suksess kriteria	Måle indikator	Måle metode	Ambisjon	Tiltak 2013	Forbruk Kr.	% avvik
God økonomi styring	Avvik i fht budsjett	Avvik %	0 kr avvik	Tilskot priv. bhg	3 435 489	-7,4%
		Avvik %	0 kr avvik	Tilskot barn i priv bhg i andre komm.	419 196	+11,2%
		Avvik %	0 kr avvik	Styrka tiltak bhg	375 729	+28,3%
		Avvik %	0 kr avvik	Bhg administrasjon	31 441	-100 %

Hovudutfordring i barnehagane

Den største utfordringa på kommunenivået er å ha nok ressursar til oppfølging av tilsynsplanen og forvaltninga av likeverdig handsaming av barnehagane. Den store satsinga på barnehagesektoren har påført kommunen langt fleire forvaltningsoppgåver enn tidlegare utan at det er tilført ressursar i administrasjonen til å følgja opp dette

I dei kommunale barnehagane har vi pedagogar tilsett i alle stillingar. Den private barnehagen har problem med å rekruttera godkjent utdanna pedagog, og har derfor fått dispensasjon frå kravet i 2013.

For Samnanger og mange andre kommunar er likehandsaming av private og kommunale barnehagar vorte ei økonomisk utfordring. Kommunen har tidlegare hatt rimelege barnehagar. Nødvendig investeringar i nye lokale kombinert med nedgang i barnekull fører til færre barn å fordele kostnadane på. Dette er med å auka opp tilskotet til dei private barnehagane. Ordninga er under politisk drøfting på statleg nivå.

Ei anna utfordring er å få fortgang i bustadbygging og tilflytting til kommunen , slik at alle dei flotte barnehagane våre kan verta fylte opp.



Nøkkeltal for Grunnskule




Ansvarsområde

Skulen skal tilby elevane eit optimalt opplæringstilbod, der kvar einskild får hjelp til å nytta sine ressursar og sitt utviklingspotensiale både fagleg og sosialt. Undervisning, rettleiing og vurdering skal verte gjennomført i tråd med opplæringslova, statlege planar og kommunale føringar.

Prognose elevtalsutvikling

Prognosetala er henta frå SSB for høg framskrivning. Grunnskulane i Samnanger har kapasitet til to parallellar med om lag 40 elevar på kvart årstrinn.



Gruppestorleik

Skulane i Samnanger er blant dei som nyttar flest assistentar i skulane. Det er fokus på dette og eit ønskje å redusera bruken av desse. I 2011 var det 25 elevar pr assistent, mot 31.6 i 2013. Hordland har 77 elevar pr assistent. Spesielt ungdomsskulen har meir deling i fleire fag av klasser enn norm for klassesdeling.

Kjelde: Skoleporten	S-2011	S-2012	S-2013	H-2013	L-2013
Tal elevar pr årsverk til undervisning	11,3	10,5	10,0	12,4	12,2
Tal elevar pr assistent i undervisning	25	29,5	31,6	77	74,7
Undervisningstimar totalt pr elev	62	67	71	58	59
Lærartettleik 1-7 trinn	13,2	12,6	11,6	13,3	13,1
Lærartettleik 8-10 trinn	11,6	10,2	10,3	14,7	14,1
Lærartettleik i ordinær undervisning	17,4	16,1	14,9	17,1	17,0


Årsverk

Samnanger har relativt god tilgang på utdanna pedagogar. I 2013 var 2 pedagogar på ungdomstrinnet utan godkjent undervisningskompetanse.


Årsverk Tala er frå GSI pr. 01.10.13	Samnanger barneskule	Samnanger ungsskule	Totalt
Rektor	1,0	0,80	1,8
Inspektør og avdelingsleiar	0,40	0,40	0,8
Leiar for SFO	0,35		0,35
Sekretær/merkantilt	0,70	0,50	1,2
Sum skuleleing	2,45	1,70	4,15
Lærarar m/godkjent undervisningskompetanse	16,51	10,04	26,55
Lærarar u/godkjent Undervisningskompetanse	0	1,52	1,52
Øvrige undervisningsårsverk	1,83	0,98	2,81
Sum Pedagogisk personale	18,34	12,54	30,88
Assistentar skule	7,07	1,82	8,89
Assistentar SFO	2,26	0	2,26
Reinhald	1,71	1,73	3,45
Sum årsverk i alt	31,83	17,79	49,62
Tal tilsette	44	26	70

Prioritering

Nettoutgiftene til grunnskule i Samnanger er redusert frå å utgjera 35,9% av det totale netto driftsbudsjettet i 2006 til no å utgjera 24%. Barnehagen sin aukande andel er ei av forklaringa på nedgangen, men det er gjennomført reelt nedtak av ressursar til skule. Det vart gjennomført eit gradvis nedtak av utgiftene fram til dei to barneskulane vart slått saman hausten 2010. I 2011 fekk samanslåinga full effekt og ungdomsskulen fekk reduserte ramme. Skuleområdet hadde då eit forbruk på 23,5% av netto utgiftene til kommunen. I frå 2011 og fram til i dag har grunnskulen fått fleire nye timar til barnetinet, valfag og anna undervisning.




Kvar elev kosta i 2013 kr. 96.855. Elevkostnaden vil variera ut frå tal elevar og klassestorleik. Elevkostnaden vil auka ved nedgang i aldersgruppa 6-15 år, i og med det vert færre elevar å fordele kostnadane på. Kommunegruppe 2 sin elevkostnad er kr 91.144.




Spesialundervisning

På nasjonalt nivå har andelen elevar i grunnskulen som har spesialundervisning med vedtak i tråd med Opplæringslova § 5.1 auka. Samnanger ligg framleis høgt. 21% av timane til undervisning vert nytta til spesialundervisning. Det er 11,7% av elevane i skulane med vedtak for spesialtilpassa tilbod i 2013. Dette er ein nedgong frå 14,6% i 2012.



Omlag 6 årsverk i grunnskulen i Samnanger er knytt til spesialundervisning etter enkeltvedtak, og om lag 2 årsverk er knytt til særskilt språkopplæring. Samla utgjer det om lag 29% av alle årsverk til ordinær undervisning. Dette er ein svært høg andel, og Samnanger har starta eit utviklingsprosjekt og samarbeid med PPT, samt ressursgrupper å få system for meir tilpassa opplæring

I 2013 er det 33 elevar fordelt på ulike trinn med spesialundervisning etter einskildvedtak. Ungdomssteget har flest (18,9%) elevar i spesialpedagogisk opplæring.



Dei ulike trinn i stolpediagrammet kan ikkje verte summert

Utviklingsmål for skulen - *Ein god stad å vera, ein god stad å læra.*



Delmål – Utviklings- og læringsmiljø

- Elevane skal ha eit læringsmiljø med høg grad av elev- medverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing og eit godt fysisk miljø.
- Resultatmål/gjennomført strategi 2013; Skulane følgjer sin plan for sosial kompetanse og SOL i Samnanger (*Strategi for oppvekst og læringsmiljø*). Elevane får positiv støtte og rettleiing i sin skulekvardag. Skulane har fysisk aktivitet for alle dagleg, med godt tilrettelagde ute- / leikemiljø. Barneskulen har etablert trivselskontaktar (TL). Resultata frå læringsmiljøundersøkinga til elevane i frå 2013 vert ikkje publisert før ut i april. Resultata vil derfor først verte presentert i tilstandsrapporten til kommunestyret.

Delmål – Læringsutbyte

- Elevane skal ha eit godt læringsutbyte ut frå gjevne rammer. Undervisninga skal vera spanande og engasjerande for både elevar og lærarar.
- Resultatmål/gjennomført strategi 2013; Gje tilpassa opplæring for barn og unge på alle trinn. Skulane nyttar ulike læringsstrategiar, for å møte elevane som lærer på ulike måtar. Skulane har lagt til rette for ei heilskapleg opplæring frå barnehage og ut det 13-årige løpet.

Skuleeigar hadde i 2013 tilsyn på begge skulane om – *Elevane sitt læringsutbyte.*


Skulane kunne dokumentera mykje svært godt arbeid. Likevel fekk barneskulen 2 avvik der skuleeigar ber skuleleiinga utarbeida eit internkontrollsystem som sikrar at elevane får opplæring etter læreplanane i alle fag, innan juni 2014. Dei må og implementere system som sikrar eleven sin rett til undervegsvurdering utan karakter.

Ungdomsskulen hadde ikkje avvik.

På ungdomstrinnet vart det vedteke nye læreplanar og valfag på 8 trinnet hausten 2012. I 2013 vart valfaga vidareført, til og å gjelde 9 trinnet. Elevane kan velje mellom fysisk aktivitet og helse, samt produksjon av varer og tenester.

Kompetanseheving for det pedagogiske personalet er gjeve med målsetjing å gje auka læringsutbyte for elevane. I 2013 vart 2-årig etterutdanning i leiing i lærande organisasjon og rolla som leiar avslutta. Ein tok vidareutdanning innanfor skulebibliotek.

Samnanger har som mål å vera best i Hordaland på nasjonale prøvar. I 2013 nådde 5 trinn målet i lesing og engelsk. Ungdomstrinnet har betre resultat enn Hordaland i både rekning, lesing og engelsk. 9 trinn hadde ikkje prøve i engelsk i 2013. Universitetet i Oslo har ei undersøking kva kommunar som har mest framgang på de nasjonale prøvene. Sjølv om resultatata i Samnanger varierar ein del frå år til år er tendensen over tid ein ganske kraftig framgang. Valle kommune har størst framgang i frå 2007-13 av alle kommunar i landet, og Samnanger ligg som nummer 3. Fokus på kompetansemål og systematisk gjennomgåande opplæring på lesing, rekning og engelsk på alle trinn er nøkkel på skulane sin framgang.



Gjennomsnittresultatet består av alle prøveresultata i alle tre ”fag” og frå både 5. og 8. klasse. Skalaen som vert nytta er den femdelte skalaen som vert nytta på prøvene i 8.klasse med gjennomsnittresultatet på 3,00. Framgang er differansen mellom gjennomsnittsskårene i periodene 2007-2010 og 2011-2013.

Utviklingsområde

I 2013 vart det starta opplæring i både skule- og barnehage i regi av regionen i midthordland på dette; *Utdanningsprogram for godt eigarskap, leiarskap og medarbeidarskap*. Skuleeigar både administrativt og politisk vil og verte involvert i opplæringa i 2014. Våre skule- og barnehageleiarar og – medarbeidarar har valt å arbeide særskilt med følgjande pågåande utviklingsprosessar:

- Implementering av DUÅ – *De utrolige årene* – i barnehagane.
- Oppfølging etter det lokale tilsynet på skulane om elevane sitt utbytte av opplæringa
- Implementering av tverrfagleg samarbeid.

Mål for arbeidet:

- Betre læringsutbytte / utvikling gjennom tilpassa opplæring og tidleg innsats.
- Redusert spesialundervisning.

Hovudutfordringar i Samnanger skulen

Skulane våre er lagt til rette for elevvekst og kan huse 2 parallellar. Ut frå framskivingstala til SSB trengs det tilflytting i tillegg til høg naturleg tilvekst om kommunen skal nå dette.

Fokus og tid til å jobba med systemarbeid og kvalitetsutvikling ute på skulane er ei utfordring.

God rettleiing gjennom utdanningsprogrammet Samnanger deltek i skal gje skulane og barnehagane godt utgangspunkt for å få innarbeid god praksis på systemretta arbeid i lærande organisasjonar. Det har hittil ikkje vore store utfordringar med å rekruttere kvalifiserte lærarar. Det er framleis ei stor utfordring å få formelt kvalifiserte vikarar. Totalt sett bør me kunne seia å ha veldrevne skular i gode lokale der elevane viser gode læringsresultat.



Ein god stad å
vera, ein god stad
å læra

Fellesutgifter grunnskule og Vaksenopplæring (VO)

Ansvarsområde

Her vert ført utgifter som ikkje skal vera ein del av driftsbudsjettet for den einkilde skule. Dette er utgifter/inntekter til:

- Gjesteelevar (utgifter til skulegang for elevar i andre kommunar enn Samnanger)
- Vaksenopplæring
- Statleg kompetansemidlar til grunnskulen
- Medlemsavgift Regionssamarbeidet Midthordland
- Kjøp av PP-teneste
- Spesialpedagogisk ekstraressurs

Økonomi

Suksesskriteria	Måleindikator	Målemetode	Ambisjon	Tiltak 2013	Forbruk kr.	% avvik
God økonomi styring	Avvik i fht budsjett	Avvik %	0 kr avvik	Skuleadm.sjon	1 408 395	-46,4%

Overforbruket gjeld kjøp av skuletilbod i andre kommunar for elevar folkeregistrert i Samnanger.

Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har ansvar for grunnopplæring for vaksne etter Opplæringslova § 4A og for Introduksjonslova § 17, vaksne personar med rett og/eller plikt til norskopplæring. Leiar for vaksenopplæringa er Karin Høysæter Steinsland, som er skule- og barnehagefagleg ansvarleg i kommunen.

Årsverk	2013
Leiar	0,10
Vernepleiar	0,20
Spesialpedagog	0,10
Utøvande pedagog	Kjøpt etter behov

Norskopplæring for innvandrarak er kjøpt etter avtale med Nygård skole i Bergen, avtalt for kvar einskild deltakar.

Deltakarar:	Norsk kurs	Grunnskule	Spes.u.v.	Bestått norsktest
Vår 2013	13	1	3	5
Haut 2013	9	0	3	1

Økonomi

	2011	2012	2013 rev budsjett	2013 rekneskap	2013 avvik
Brutto driftsutgifter	887.400	1.053.769	853 288	810 937	+ 5,2 %
Brutto driftsinntekter	-993.076	-1.029.524	- 635 700	-844 056	+ 32,7 %
Bruk av fond			- 200 000		0 %
Netto driftsutgifter	-105.636	24.245	17 588	-33 118	+189 %

Det er brukt av fond i drifta i 2013.

Utfordringar - vaksenopplæring

Det er framleis ei utfordring for vaksenopplæringa i Samnanger at dei få deltakarane har svært ulike faglege behov. Hovudgrunnen til at ein kjøper norskopplæring i Bergen, er at deltakarane då får tilbod på sitt nivå. Ei anna utfordring er at det ikkje er tilrettelagde, eigna lokale for den delen av opplæringa som gjeld spesialundervisning for vaksne. Dette kan sjåast i samanheng med andre dagtilbod for vaksne.


Pedagogisk teneste

Skule og barnehagefagleg ansvarleg er rådmannen sin rådgjevar og forvaltar på skule og barnehageområdet.


Nøkkeltal for Kultur – *Kultur for alle*



Samnanger ønskjer spesielt å satsa på barn og unge i kulturarbeidet. Talet på 16-24 åringar busett i Samnanger i framtida er avhengig av kommunen sin satsing på barnefamiljar dei næraste åra. Aldersgruppa har ikkje skuletilbod i kommunen og pendlar ut frå kommunen. Desse er likevel ei viktig aldersgruppe når det gjeld folkehelse- og kulturtilbod, og val av framtidig bustad.



Samnanger auka opp kulturbudsjettet i 2011, og har sett inn desse ressursane i samband med satsanga på folkehelse. Kommunen bruker framleis mindre på kultur enn resten av kommunane.



I 2013 var kr. 1564 brukt til kulturområdet i Samnanger pr innbyggjar. Andre kommunar brukte rundt 1800-2000. Anna statistikk innanfor kulturområdet, folkebibliotek og kulturskulen vert omtala i kapitlet for eininga.


Folkehelse

Samnanger tilsette i 2013 40% folkehelsekoordinator. Stillinga er lagt til kultur. Koordinator legg fram eigen folkehelse rapport for 2013. Det er derfor ikkje teke med statistikk for dette i årsmeldinga.


Kulturminne, natur- og nærmiljø

Samnanger har eigen plan for kulturminnevern. I 2013 vart det ikkje gjev tilskot til kulturminne eller gjennomført tiltak til freda bygg. Det er heller ikkje rapportert om tilskot til dette frå andre kommunar. Kommunegruppe 2 hadde i 2013 56 tiltak til freda bygg og Hordaland 23.

Nedanfor viser dekningsgraden for friluftsområde, turvegar og sykkelstiar har for befolkninga i



kommunen. Årsinnbyggjar er alle busette og hytteinnbyggjar i kommunen. Ny avtale med BOF om Gjerdsvika vart gjennomført i 2011. Samnanger gjennomførte og tok ansvar for ei rekke turvegar i stiprosjektet som vart gjennomført i 2011. I samband med arealplanarbeidet må kommunen sitt ansvar for dei mest populære turvegane og parkeringa ved desse takast opp på nytt



Sykkel og gangstiar har halde seg stabilt gjennom 4 siste åra. Ny sykkel og gangveg frå Frøland til Ytre-Tysse er under arbeid.